

***Gammelt
frå Kviteseid***

Nr. 6



ÅRSSKRIFT 1991

Gamalt frå Kviteeid
Nr. 6

ÅRSSKRIFT
1991

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

KVITSEID 1991

Innhald

	Side
Fyriord. Av Tor J. Skarprud	4
Slik er Kviteid	5
Knud Taraldsen.....	5
Gulmon Mylla	10
Drikking og fråhaldsrørse i Vrådal	14
To husmannsplassar i Dalan	20
Kva hende i Kviteid i 1925	22
Bygdi mi – dikt	24
Det var skuleveg, det.....	24
U.I. Vårven i Brunkeberg	26
Då Telemark folkehøgskule vart vigsla	29
Då fjorden var viktigaste vegen	31
Steinar Aase.....	40
Store Steen	43
Båten – dikt.....	44
Baklitullen	46
Segner frå Åsgrend	47
Spjotsoddsundet og ferjingi der	48
Fyrste husmannsplassen i Vrådal	50
Notat frå ein gamal huspostil	53
Var det tussar i gamle dagar?.....	56
Denne saga er eldgamal	57
Dei kunne få sagt det!	58
Jonsborgvisa	59
Lysingar	60

ISSN 0801 – 6186

TRYKK: OLUF RASMUSSEN A/S - SKIEN

Fyriord

Med dette kjem sjette boka av Gamalt frå Kviteseid. Det er reint utrueleg kor fort tidi gjeng. Det synest ikkje vera lenge sidan me byrja i 1986. Då var me i sogenemndi spente på korleis det ville gå. Kunne me finna fram emne som interessera bygdefolket i og utom bygdi? Ville det bli selt so mange bøker at kostnadene blei dekte?

Det gjekk godt. Boki blei visst lika av dei fleste og seld til so mange at det greidde seg nokonlunde økonomisk. Men sogenemndi trong hjelp og fekk det også. Litt mas og strev var det nok, men so var det også nokon som kom friviljug med manus. Dei skreiv ubedne. Det var stor hjelp. Ynskje framover, er at fleire melder seg «friviljug» til å skrive eller koma med framlegg om emne i samråd med sogenemndi.

Til slutt takk til alle som hev hjelp til med skriving, teikning og andre ting.

Sogenemndi har ikkje endra seg på desse åri og har kome godt ut av det med kvarandre. Her kjem namni deira: Arne Nordskog, Harald Oppebøen og underskrivne:

Tor J. Skarprud

Slik er Kviteseid

Ein kunne formaste seg til å sei at det er som bygdi er utsvarva med kunstnarhand. Desse nutane gret i regn og smiler i solskin, dei talar til deg som menneske med glede og sut – menneske du hev kjent all din dag. Men alle desse dalan og det bratte lendet med ufsir og flog kvar du snur deg, med nakne berg fram i dagen, rikdom i vegetasjonen, det gjev ljuset ein tirande klårleik, ja, ei høg glede.

Venaste ljøs i verden hev denne bygdi, soli ris yver Brokefjell, spilar i liane burte under Hurrong, fylgjer Bandaksfjell med skuggar som liver og avlagar seg ettersom dagen lid, og so tilslutt reiser ho kvelden med mystisk myrkre i dældine langt, langt aust i Honlinuten. Og for den som hev havt seg eit lite liv i Kviteseid, er det ikkje det minste rart at våre beste kunstnarar førde denne naturen inn i åndssoga vår.

Dei gav seg tid til å sjå, og dei trong ikkje leite, dei fann.

Dyre Vaa

Knud Taraldsen

Læraren og politikaren

Grunnlovi av 17. mai 1814 la grunnen til sjølvstyre i Noreg. Det kravde både vit og kunnskapar av dei som skulle styre land og folk. På den tid var det bare omgangsskulen som hjelpste til med lærdom for vanlege folk. Då seminaret eller Kosa-skulen som dei fleste sa, kom i gang i 1819, gjekk mange læreuga ungdomar den skulen. Fleire av dei kom seinare til bli med i styr og stell i bygdene i Vest-Telemark og vidare med. Ein av dei var Knud Taraldsen.

På farssida var han av Lundevallætti. Aslaug, mor hans, var av Vinjeætt med ættetrådar attende til 1600-talet. Tarald og Aslaug gifte seg i 1822. Dei budde på Øyan frå fyrst av, men Tarald rydda plassen Sudbø under Uppgarden og dit flytte dei i 1825. Bjørn, den eldste guten, blei fødd på Øyan. Den andre guten blei fødd på Sudbø i 1825. Han fekk namnet Knud og var bare nokre få veker då mor hans døydde. Aslaug hadde ei syster som heitte Tjodvor. Ho var gift med Tov Sønstveiten på Seljordheii. Dei hadde ikkje born. Tjodvor tok Knud med seg til Østveiten. Tov døydde ikkje lenge etter.

Tarald gifte seg snart att, men døydde alt i 1834. Då tok Tjodvor også



Knud Taraldsen og kona Sigrid

med seg Bjørn, den eldste sonen. Knud budde på Østveiten framover og gjekk i omgangsskulen der. Det var fire veker skule kvart år, fortalde Knud.

Sokneprest Landstad konfirmera Knud i 1840. Han skjøna snart at guten var både emnerik og læreuga og rådde han til gå på Kosaskulen. Det hadde nok Knud tenkt på sjølv også og byrja på skulen hausten 1842. Han var på skulen i 24 veker og då han var ferdig, fekk han karakteren «Meget duelig som lærer».

I 1844 selde Tjodvor garden til dei to gutane. Båe gutane hadde då «floge» ut or reiret og tenkte seg nok ikkje til bu der. Knud selde sin del i 1849 og Bjørn selde året etter. Vinteren 1844/45 var Knud vikar i Flatdal. Om somaren var han huslærer hjå sokneprest Landstad i Seljord.

Knud tykte ikkje han hadde lært nok enno og byrja på Asker seminar hausten 1845. Då han var ferdig der våren etter, fekk han ein av dei beste karakterane som blei gjevne. Etter det var han huslærer hjå Torjus Lundevall framover.

Seminaret på Ni.Kosi låg ulageleg til og det vart vedteke å flytja skulen

til garden Kyrkjebø i hovudsoknet. Dei var ferdig med flyttingi i 1847 og byrja skulen der om hausten.

I 1845 vedtok heradstyret at kvar av dei tre kyrkjesokna skulle ha klok-kargard og klokkar som og skulle vera fastlærer. I hovudsoknet kjøpte dei husmannsplassen Lauvstad til klokkargard og fastskule.

Knud Taraldsen vart i 1847 tilsett som klokkar og fastskule-lærer og øvingslærer for seminaristane. Han måtte også taka på seg å undervise i song og musikk etter Olea Crøger som slutta då seminaret vart flytt. Han måtte også undervise i metodikk og katekittikk. Frå fyrst av fekk han ikkje betaling, for staten lona bare dei som hadde vore tilsett tidlegare. Etter nokre år sa Taraldsen frå seg «gratis»-arbeidet. Då vedtok Kviteseid skulekasse å yte ei viss løn kvart år frå 1851 og framover.

Knud og Sigrid Andresdotter Listaul gifte seg i 1848 og flytte inn i klok-kargarden. Der budde dei til 1883.

Knud Taraldsen, eller bare Taraldsen som han etter kvart blei heitande, var ein særskild dugande og triveleg lærar. Han hadde særskilde emne til å få kontakt og til å undervise og få elevane interessera. Alltid var han roleg og tolmodig og spørsmåla han stilte var greie og skjønelege for elevane. Han lærde elevane til tenkje.

Han var interessera i alt som kunne vera til framgang og nytte for bygdi. Difor var det naturleg at han var aktiv i arbeidet for å skipa Kviteseid Sparbank. Då banken byrja i 1850, blei han, unge mannen, vald til varamann i styret. I 1861 blei han vald med i styret. Seinare vart han attvald gong etter gong til han i 1910 etter 49 år i styret, nekta attval. Då gav banken han ei mykje verdfull gåve i sylv til takk for dugande arbeid for banken.

I 1863 vart Taraldsen tilsett som timelærer ved seminaret. Frå då av fekk han løn av staten og tittelen timelærer. Etter kvart fekk han så mykje å gjera utom skulen at han i 1883 sa opp stillingane i skulen og kyrkja. Då måtte han og kona flytje frå klokkargarden. Som den kloke og framsynte mann han var, hadde han fleire år tidlegare kaupt garden Li. Sigrid døydde på Li i 1892. Egelev, yngste dotteri, gifte seg i 1891 med Olaf Lie. Dei tok over styr og stell av garden.

Taraldsen vart i 1859 vald inn i heradstyret og med ein gong vald til varaordfører. Ved neste val vart han vald til ordførar. Seinare vart han attvald i heradstyret ved kvart val til han nekta i 1899. Han hadde då vore ordførar i 24 år og varaordfører i 15 år og var såleis med i formannskapet i mest alle dei 40 år han var i heradstyret. I tillegg hadde han vore med i dei aller fleste nemnder og utval heradstyret valde, oftast som formann.

I 1865 vart Taraldsen vald til varamann på stortinget. Det blei teke som varsel om at han kom høgare opp ved neste val.

Jostein Nervikbø har i boka: Bondevener og andre uvener skrive slik:

«Sjølve Kviteseid hadde i langsameleg tid vore litt av ei embetsbygd. Den politiske stjerna der var likevel ein husmansson, Knud Taraldsen». Han hadde rett, og ved neste val blei Taraldsen stortingsmann for Vest-Telemark. Det var i 1869. I åri framover blei han attvald fleire gonger. Han var «på tinget» som dei sa, i 12 år og varamann i 6 år. Hadde han bøygd seg etter dei skiftande politiske meiningar så hadde han blitt attvald fleire gonger. I slike tilhøve kunne han ikkje vike frå det han meinte var rett.

Bondevenrørsla fekk fyrst tak i Kviteseid i 1870. Då blei det skipa bondevenlag og Taraldsen blei fyrste formannen.

Det året for Søren Jåbæk rundt i Telemark for å finna ut kandidatane til Stortinget. Om Taraldsen vedgjekk han at Taraldsen var ein grei og rimeleg mann, men Jåbæk kunne likevel ikkje gå god for han. Med det var valet avgjort og Taraldsen vart bare varamann. Taraldsen var, etter det ein skjønar, ikkje viss om at alt bondevenene gjekk inn for, alltid var rett. Taraldsen halla litt over i konservativ lei, men vart aldri høgremann. I venstreavisa «Varden» for 1880 kan ein lesa mange åtak på Taraldsen for dette. Det var særleg dei som tenkte seg koma på tinget i staden hans. Taraldsen kom ikkje inn ved det valet. To gonger blei han såleis vraka fordi han ikkje var «rett-truande» nok.

Frå gammalt av var det pålagd lærarane å møte med dei største elevane (og konfirmantane) «på kyrkjegolvet» når bispen kom på visitas. Dei fleste lærarane grua for dette. Det gjorde ikkje Taraldsen. Han var den same i kyrkja som i skulestoga og fekk mykje kytord av både bisp og prost.

I 1861 blei Hesselberg tilsett som styrar av seminaret. Han var på sett og vis flink og dugande, men einvis og sta på det han meinte var rett. Han meinte Taraldsen hadde tolka det 8. bordbodet for liberalt og ba Taraldsen tolke det omatt. Det ville ikkje Taraldsen. Då klaga Hesselberg til stiftsdireksjonen og bispen. Dei fann ingen grunn til «treffe nogen forføyning». Hesselberg gav seg ikkje, men klaga til departementet og skulda Taraldsen for vranglære og bispen og stiftsdireksjonen for undfallenhet som ikkje hadde teke saka hans alvorleg nok. Departementet fann heller ikkje nokon grunn til gjera «forføyningar», men sa at Hesselberg hadde gått uklokt fram. Ikkje fann dei at bispen hadde gjort noko gale heller.

Med striden sto på, hadde seminaristane bede Taraldsen halde ekstratimar med dei. Blant elevane og bygdefolket steig Taraldsen mykje i vyrnad. Men for Hesselberg var det ille og mest uråd å halda fram som styrar. Han søkte seg difor vekk fleire gonger og fekk til slutt ein kapellanpost og flytte dit.

(Det 8. bodet: Du skal ikkje lyge på nesten din.)

Taraldsen var folikskommisær i 40 år. Det høvde framifrå. Logn og roleg som han var, greidde han ut tvistemålet og fekk partane i rimeleg tale. Ofte

blei det forlik. Betre å bli forlikte, enn å gjeva sakføraren pengar, sa han. Ofte blei han rådspurt både i lette og vanskelege saker, og mange gjekk hjelpste heimatt. «Snakk med Taraldsen», var ei rettleiing fleire fekk når det var saker dei aua seg for. Amtsrevisor var han også i 40 år og valmann i 28 år. På den tid var det valmennene som valde stortingsmennene. Valmennene vart valde av dei røysteføre i kvart herad. Dei fleste landkommunane hadde rett til to valmenn. Valmennene møttest hjå amtmannen i Skien og der blei valet halde i juni.

Matrikkelen måtte reviderast i 1860 og Taraldsen blei vald til formann. Det arbeide varde i omlag ti år. Han var ikkje av dei meste taletrengde, Taraldsen, men når han hadde ordet i tinget, tala han godt og blei høyrd.

Taraldsen var frisk og sprek og åndsfrisk lenge og fylgde med i det som hende i bygd og land mest så lenge han levde. Han døydde 9. september 1915 og vart bortimot 91 år gamal. Han blei gravlagd ved Gamle kyrkja der han i så mange år hadde vore klokkar. Mykje folk møtte og mange kransar vart lagde på båra. Det var over 30 hestar i gravfylgje og var eit av dei største som hadde vore. På grefta hans er reist ein stor stein.

Sveinung Gotuholt skreiv i 1937 eit hefte om ordførarane i tida frå 1814 og fram til 1937. Om Taraldsen skriv han m.a. dette:

«Taraldsen hadde fram gjennom åri hatt alle dei tillitsyrkje som ein kommune kan leggja på ein mann. Han var med i heradstyret og ei lang tid ordførar, valmann frå 1882 til 1910 og stortingsmann frå Bratsberg amt.

Taraldsen utførde alle sine tillitsverv på ein sjeldan omsorgsfull og dugelig måte og hadde sine sambygdingars vyrnad og tillit.»

I saga om Kviteseid Sparabanks 100 års jubileum i 1950, skreiv Gotuholt dette:

«Hans (Taraldsen) ry innan bygdefolket som ein sers klok og real mann var grunnfest. Han blei ofte rådspurt i vande saker og trudd på. Han var ein mann ein allstødt kunne lite på og hans arbeid var alltid so velsigna fritt for allslags eigeninteresse og reklame for seg sjølv.»

Svein Olav Thoresen skreiv i Hovudoppgåva si om Kviteseid seminar:

«Med lærar som Taraldsen og Haukom fekk elevane (ved seminaret) ikkje bare faglege kunnskapar, men og ein politisk påverknad som gav ungutane større tru på den norske bondestand og sine politiske rettar.»

TJS



Gulmon Mylla

Gudmund Aslaksen, eller «Gulmon Mylla», som han heitte i daglegtale, byrja som arbeidar på Skreosen Høvleri saman med Jon Berge og Sigurd Skogen, då Jon Bjåland og far, Ådne G. Naper, sette upp sagbruk og høvleri på Skreosen i 1898.

Eg vil fortelje litt om Gulmon og den næraste familien hans. Eg kjende han frå eg var ein gutunge, men mykje av det eg skal fortelje her har eg fått frå Ragna Lunden, yngste dotter hans, og frå Anne Grete Åreskjold, dotter hennar som no bur på Sandnes.

Gulmon var fødd på Haugland i Froland 12. september 1857. Foreldri hans heitte Aslak og Kjersti.

«Aslak var ein holden mann og åtte mange rukande pipur», fortalde Ragna. Men so kausjonera han for folk, og det gjekk ut med han.

Gulmon kom til Klauvereid i Austheidi som tenestegut. Her trefte han Anne som tente på Eikeland. Anne var av «Kleppskogane». Ho var fødd i ei liti stoge på Bukkøy i Vrådal i 1867. «Då ho var fem vikur gamal, fasla bestefar Årviki seg for vogga med gjentungen oppi og bar ho med seg på ryggen når han skulle på heide og slå» fortalde Ragna.

Anne voks upp på Årviki. Ho var den yngste av sju systken.

Anne og Gulmon gifte seg i Skafså kyrkje 2. dag jol 1887. Den fyrste tidi

dei var gifte budde dei i Vrålistøi, på Vassendstøylen og på Lunden i Vrådal. Dei fleste av borni deira kom til verdi i denne tidi.

Då Gulmon fekk arbeid på Skreosen, flytte dei til «Gamlemylla». Ein liten plass på vestsida av Foldsæelvi. Frå eldgamle tider hadde det stått ei mylle her ved Skreosfossen. Den gamle Fyresdalsvegen gjekk gjennom tunet her og i bru over elvi, rett nedanfor sagbruket.

Etter stutt tid fekk Gulmon saga og høvla materialar på bruket og sette seg upp ei liti stove på andre sida av elvi, litt ovafor sagbruket. Denne bustaden vart kalla «Mylla», og det var nok etter den han fekk namnet Gulmon Mylla.

«Der hadde stade ei liti stove før på denne plassen, litt lenger nede der jordepleåkeren er no, men han som budde der svidde av husi og reiste til Amerika», fortalde Ragna.

Til å byrje med hadde den nye stova på Mylla berre to rom. Det eine tente som daglegstove og kjøken. Her var peis og vedkomfyr, dessutan ei seng og ein slagbenk. Framfor omnen stod ein gamal velbrukt kubbestol. Han var rundsliten under. Anne sat gjerne her og byssa den minste, passa varmen og koka kaffe.

Her på Mylla voks då dei ni borni deira upp, og herifrå drog dei ut i verdi.

Ein av gutane, Halvor, tok militær utdanning og vart til sist oberstløytnant.


Ein annan av gutane, Gunnar, var litt av ein eventyrar. Då han var ung, tente han heime på garden til far. På den tidi hadde far ein hest som var litt sky og skvetten av seg. Den hesten ville Gunnar endeleg køyre med, men det gjekk ikkje betre enn at hesten braut skjekene og sprang ut. Han la på sām over fjorden til Vråliosen. Dei laut ro etter han med prām for å få tak i han.

Gunnar vart seinare misjonær i Etiopia. Der var han ogso ute for mange eventyrlege opplevingar. Han var fleire gonger i besøk hjå Haile Selassie som var keisar i Etiopia på den tidi. For oss borni var det spennande å høyre på når han fortalde frå ferdene sine.

Ein gong var me samla på trevarefabrikken vår på Skreosen. Fabrikken vart rydda og teken i bruk som kinolokale, og Gunnar viste ein film om pygmear – eit småvakse folk som kleiv i trei og laga hengebruer av slyngplantar, hugsar eg. Den yngste av gutane, Olav, arbeidde på Skreosen Høvleri i mange år. Han vart fødd medan dei budde på Gamlemylla. Ragna vart fødd på Mylla og levde der so å seie i all si tid.

Gulmon og Anne var strevsame folk. Gulmon arbeidde på sagbruket. Den vanlege arbeidstidi var til å byrje med 10 timar om dagen, heile veka, laurdag som måndag, frå klokka sju til seks om kvelden med ein times matkvild midt på dagen. Dagløni var to kroner.

Parti av Vrådal Telemarken



Det var sjøorm i Vrådal au

Anne var til vanleg uppe i femtida om morgonen. Då koka ho kaffe og gav Gulmon mat på sengi før han stod opp.

Etter nokre år vart det og sett upp kvern på bruket. Då vart Gulmon ogso myllar. Han arbeidde på sagi om dagane og mol utetter kveldane og nettene. Turbinen var ikkje sterk nok til å drive både sag og mylle på same tid.

Karane som kom med kornlassi sat gjerne i stova på Mylla utetter nettene og venta, for å få mjølet med seg heim att. Dei kjøpte kaffe av Anne, sat og røykte og tokk skrå og sputta.

Lasskøyrarar, som køyrde vare frå ekspedisjonen i Bandaksli til Fyresdal, var og gjerne innum Mylla og fekk seg ein kaffikopp.

Arbeidarane på bruket åt gjerne nistematen sin her, sat og prata, drakk kaffe og kikka i avisa. «Fæle ulykkur på sjøen» hermde Ragna etter Sigurd, han sat med avisa opp ned.

Det rak fantefylgje etter vegane i gamle dagar. Dei tok inn på Mylla. Dei passe gjerne på å kome etter klokka ni om kvelden, for då hadde dei ikkje

lov å jaga dei att. Men Gulmon og Anne var gjestfrie folk. «Utta at me veit det, kan me ha hatt englar på besøk», sa Gulmon.

Fenta steikte flesk på omnen, koka kaffe og turka klær. So var det å dra inn halm eller høvelflis og lage flatsenger på golvet. Ragna fortalde at ho som liti jente låg i slagbenken og såg på dei svarte hovudi burtetter golvet. Fangeguten song: «Englesang og harpespill der er i Himmelen», «Hysj, gutt!» sa fanten. «Nei, syng du Pettelen min», sa fenta Lava, «herlig sang det». Ho kosa seg med tobakken ho hadde fått av Gulmon.

Ein skreppekar som heitte Mattisen kom innum Mylla ein joleaftan. Eg hugsar han, det var ein godlynt kar som gjekk og selde kort med bibelske motiv.

Dei ville ha han til å gå opp i eldhuset og lauge seg til helg i. Men det var det ikkje tale om han ville. «Han var so svart at me såg lega etter han i sengi om morgonen», sa Ragna.

Det var nok ikkje alltid lett å få endane til møtast den fyrste tidi, med ein stor barneflokk. Barnetrygd fanst ikkje på den tidi. «Smøret må far dikkos ha som arbeider», hermde Ragna etter mor si.

Gulmon var ein gudfryktig og rettskaffen mann. Han helt andakt heime om morgonen før han gjekk på arbeid. Sundagane las han lange preikor or ein postil, og ungane laut sitje stille og høyre på. Men stundom narra dei store dei mindre til å le, og so vart det bråk. Gulmon preika ogso på møti, og det hende han heimdøpte småborn når det var vanskeleg å kome den to mil lange vegen til kyrkje i Vrådal vinterstid.

Gulmon og Anne var godvener med Hølje Viki og dotter hans, Gonil. Dei budde på ein plass som heitte Viki, omlag åtte km lenger ute i bygd.

Hølje tala ogso på møti. Det hende dei skipa til sundagsmøte på Viki. Det gledde Ragna seg til. I god tid i førevegen stiva og strauk Anne skjortebrystet hans Gulmon og kniplingane på blusa og forkledet til Ragna. Det var ein festdag. Ein laut vere fint kledd i eit slikt høve. Tidleg om sundagsmorgonen drog dei i veg.

Det var langt å gå, so Ragna som minstegjente, fekk sitje på ryggen til far sin i stykkevis, når ho vart for trøytt. Var det sumarstid og fint ver, kunne det hende dei tok inn på Kaupmannfloti. Der budde Endre, bror til Anne. So fekk dei med seg han og rodde resten av vegen.

På Viki tok dei inn plankar og la stabbar eller stolar til å sitje på. Folk møtte viljugt fram til møtet, både små og store. På Viki hadde dei nokre høner inne i stoga, fortalde Ragna. «Dei vorp ved sengeenden og vagla seg på brastreet på peisen om notti».

Gulmon kunne vere streng mot borni sine. Han var ein mann av si tid og var nok ingen barnepsykolog heller. Ein av gjentungane var so vanskeleg å få til å legge seg ein kveld. Men Gulmon visste råd. Han gjekk ut og

stakk hendene i eit par hudsko, let forsiktig opp døri og lea dei opp og ned i dørsprekken. Det vart nok ikkje meire bråk den kvelden. Ungane måtte ikkje leike om sundagen, for det var synd, meinte Gulmon.

«Ein sundag gådde pappa at eg og jentungane på Bjåland monka. Eg fekk ris so det va vondt å site mange dagar etterpå», sa Ragna. Men Gulmon hadde ogso sans for humor. Var det noko artig som hende, hadde han gjerne denne replikken: «Tyskeren gjør mangt for penger, sa mannen, han såg apekatten».

Gulmon arbeidde på sagbruket i 45 år, heilt til han vart 86, men dei siste åri var vel ikkje innsatsen so svært stor. Han saga då takspion, og kunne ordne arbeidstidi si som han ville. Ragna var gjerne med han og talde opp sponen i den siste tidi, for han hadde lett for å kome av talet.

Han fekk medalje for lang og tru teneste, og den sette han stor pris på.

Under krigen hadde tyskarane ein rassia her i distriktet. Fleire vart tekne og sendt til kretsfengselet i Kristiansand. Dei kom til Mylla ogso, og ville take Gulmon. Men då dei såg kor gamal han var, riste dei på hovudet. «Alt, alt», sa dei og gjekk att.

Anne lika godt å sitje på muren oppved det vesle eldhuset på sine gamle dagar, serleg når gauken gol og det var fint i soli. Ein dag somna ho i soli med ho sat der. «Ho blei so rar i hovudet etterpå. Når ho sat og spita, blei det bare vas» sa Ragna. Ikkje so lenge etter vart Anne dårleg. Dei henta doktoren, men han kunne ingen ting gjera. Straks etter døydd Anne. «Ikkje eingong soli var som før etterpå det», sa Ragna.

Gulmon vart svært gamal. Han låg for det meste til sengs den siste tidi han levde, og Ragna stelte trufast om han. Han vart litt «uttafor» på slutten. Han røykte på sengi. Ein gong tok det eld i skjegget hans. Dei levde i stadig otte for at han kunne kome til å setje fyr både på seg sjølv og huset.

Han døydd i heimen sin på Mylle i 1952 og vart gravlagd 12. september, på dagen 95 år etter han var fødd.

Trygve Naper

Driking og fråhaldsrørsla i Vrådal

Rusdrykk hev vore kjendt so langt attende som saga veit. Mjød og øl var sjølve «nasjonaldrikken» gjennom lange tider. Den gamle norske gudelæra fortel om gudane som slost og drakk og i gudsdyrkinga «blotinga», hørde drikinga med til ritualet. (jfr. Snorre). Me les om vikingar og berserkar som vert lovprisa i høge tonar av skaldar som kongane tilsette for å bera fram

kvad om deira bragder, fordi kongane trong desse villmennane som vit-lause storma fram i ølkveisa eller dilerium, som me gjerne seier no. Overfall, vald og ran var deira bragder skal ein bruke rette orda i dag.

Men i dagleglivet hjå det breie lag av folket er det snaut at missbruk var nokon serleg vanske. Dei hadde nok si fulle hyre med å halde svolt og hungersnaud ute, so det dyre korn måtte nyttast til mat. Men til fest og høgtid måtte det øl til, frå truloving til gravøl, ettersom råda var. Gjestfrie var folket og det var ei ære at det var rikeleg i gilde av både mat og drikke. Mesteparten av maten kom no folka i bedarlaget med sjølve som sending, men drikkevara måtte verten halde.

Ein kan vel og tryggt sei at med auka samkvem, handel og meir overgang til pengehushald auka drikkeriet. Vertshus kom etter vegane og marknader, tråvkøyring og samkomor av ymse slag, stork og kast vart vanleg på bygdene og skåling vart det i handel ogandel. Ettersom det vart noko å få for tømmerstokken vart det sovist ikkje betre. Kjøpmennene i Arendal som her sat i ei monopolstilling, pressa på bøndene tobakk og brennevin, som mange tilslutt ikkje hadde anna att for slit og sveite.

Og no var det ikkje nok med kast og stork m.m., no kappast bøndane om å overgå kvarandre med mat og drikke når dei hadde lag. Til jøl vart det ålment med ein anker brennevin (frå 6-36 l.) Dei såg på brennevinet som ein «velsignelse» og «livsnødvendighet» og den beste medesin som fannst mot allslags sjukdom. Til sterkare det var og til meir det «reiv» til betre var det. Når ein ny borgar kom til verden var konone straks på plass med feitegraut og peparbrennevin. Og kårfolk hadde med tobakk og brennevin på sine føderådskontrakter.

Det ser og ut som nordmannen hev ein ekstra hang til å drikke seg «overstadig beruset». So hev han vel mykje rett Johan Hermann Wessel når han skriv: «Drikke drikk som varmet pande, det var normanns vis».

Det er klart at armod og mykje vondt fylgde i kjølevatnet av denne drikinga, drap, sedløyse, lureri og bedrageri av ymse slag. Mang ein bonde handla til seg ein fillegamp eller miste verdfulle skogstykke slik. Å stå ved ein handel var ei æressak og kona hadde ingen ting å sei slik; so mang ein huslyd måtte lide mykje for «fedrenes missgjerninger» i fylla. Og dei som vakt skulde vera var ikkje eit hår likare. Klokkarar og lærarar selde brennevin for å få eit tilskot til den usle løna si og at prestane drakk var det vanlege langt fram på 1800-talet. Me skal ta fram nokre dømme frametter tida:

I 1655 vart Amund Hansen Morland innsett som sokneprest i Kviteseid. Han budde mykje på enkesetet Kråkenes i Vrådal og gjekk for å vera stiv i latin. Mange brev på latin skreiv han herfrå. Husa på garden måtte vera dårlege då og dette harsellera han med på mange frie måtar. Den 30/11 1699 skriv han: «ecornisis tugoro» (d.e. fra Kragens hytte eller skur) og 9/3

1700 er det riktig ille «Cornis e fausibus nivoso turbine plenis» (d.e. ud av Kragens svelg som er fult av snehvirvel.) Kunnskap og åtferd elles vert ikkje klaga på, men ettermælet hans i bygda var «ein liten, lystig fyr som både tura og slosst».

I dei mange rettssakene som den umogelege presten Otto Stoud sette igang (1716-26) kjem mangt fram om bygdelivet på den tid. Blandt dei mange klagemål mot han, vert han og skulda for messefall i Vrådal eit par gonger p.g.a. fyll. Men at ikkje kyrkjelyden hev noko rose seg av i so måte gjeng fram av dette bl.a.:

«Under en brudevielse i Vrådal kirke sad tre drukne mend og sang ølviser med høy røst under vielsen og måtte tilsist drives ud med Magt.» Det kom og fram at ei hause til kjerling Magdalene (helst kalla Malene) Søfrensdatter rett ofte rodde brennevinsdunkar frå Arendal langs etter vassdraget. Som regel kom ho ikkje lenger enn til Nordbø, Vrådal, der restpartiet gjekk undan som varmt kveitebrød.

Hoppar me so fram til 1763 er det sovist ikkje likare. Då vert Nordbø i Vrådal utpeika til kapellanbustad og Lars Børresen flyter inn året etter. Landstad fortel at «han ofte hentede Brennevin fra byen i store Kvantiteter». Gjeng me so eit halvt hundreår fram ser det mest ut som det gjeng i same duren. I 1810 kom «gledens muntre sanger» Jens Zetlits på prestestolen Kviteseid. Ein opplysnings- og foregangsmann som gjorde mykje godt. Men det er velkjend at han drakk både saman med husmennane sine og i «opp-rømte» lag med dei «kondisjonerte i Kviteseid» og til og med var «påvirka» på preikestolen. Folk flest såg ikkje noko gale i det og vilde hava det slik, for då var drikken og umoralen «velsigna» og godkjent på høgste plan.

I 1816 vart det fritt å brenne brennevin og frå no av fær mest kvar gard sin eigen brennevinskjele. Ole Blom, akta ordførar og flink kar, dyrkar opp til 200 tunnor poteter og driv brennevinsbrenning i stor stil. I dgboka si i tida 1820-30 hev han mange notater om dette. Og «nydelig vare» fekk han til. Han brende ofte sjølv, men leigde og med seg. Den 24/1 1827 skriv han: «Ole Thorbjørnsen brendte for mig 1 tønne poteter og 5 potter malt, hvorav udkom 17 potter Brendevin, en meget heldig operasjon». Svært ofte var han i Vrådal i desse åra, der han og dei han gjesta gjekk frå gard til gard i dagevis, på «en perial» som han kallar det. Den 15. mars 1822 reiser han og to bønder frå Vrådal til Skien og er burte i 13 dager og «havde lystige perialer». Jamvel i gravøl er dei fulle, både dei næraste og andre og held på 2-3 dage i same slengen.

Ikkje so sjeldan er dei fleire og turar saman med dei militære på Nordbø. Der må vera rett mange der. Han nevner kapteinane Gantzer, Polmann og Krogh og løytnantane Rye, Hausmann og Mørch. Og inn i millom, når dei er sopass dei kan, morar dei seg med å sjå «på soldaternes mønstring» på

Nordbømoen. Der var «telthus» og ekserserplass der då. Rett bak der husa stend no.

Dette forhindra ikkje at Ole Blom i 1825 vart utteken til prestens medhjelpar. Same året er det bispevisitas ved biskop Munch, som dreg kraftig tilfaldts mot styggdomen. Ole Blom skriv 13/6: «Vi sad den ganske dag med kirke- og skolevæsenet, og biskopen undersøkte alt på det nøyeste og føyede de kraftigste til at afhjælpe uordener og ivrede sterkt mot drukkenskab som den almindeligste last her og formanede prest og medhjelpere til at virke forenede til det ondes udryddelse.»

Og det ser verkeleg ut som dette blir opptakten til ei vending. Etter Zetlits fær Kviteseid tri gode prestar på rad, med ei langt onnor holdning, men vegen fram er lang.

I 1845 fer Ivar Aasen gjennom Vrådal på si granskarferd. Han kraunar fælt for dei bratte bakkane opp til sjusstasjonen. (Lønnemoen. Vegen låg ned ved vatnet då) men skriv m.a.: «Telemarksbøndene er svære til at holde Drikkegilde, dog noget avtagende».

Men fleire av prestane kring 1800 og framover arbeide iherdig for å fremje folkeopplysning og etter at lærarskulen på Kosi starta i 1818 og formannskapslova kom i 1837 gjekk det fort framover. Fast skule starta opp her på Straumsnes i 1848 og skulehus og meir styringsrett gjorde at folk no kom til og drøfte og kome saman om andre ting enn brennevin, dans og kortspel. «Nisser- og Vråvands Damskibsselskab» som vart skipa 1865 førde til auka samkvem og lettare levkår i bygdene omkring, og nye impulsar feia som ein vårvind over landet. Dette opna augo på mange for at det var mangt å rette på i både bygdeliv og samfund. Men fleir og fleir skyna at her var den enkeltes krefter for små. Her måtte lyftast i flokk og vegen for organisasjonar av ymse slag låg open. Ei sterk kristen vekkjing spring ut i Vrådal og spreider seg som eld i turrt gras til bygdene omkring. I 1861 startar lærar Svein Gundersen den fyrste missjonsforening i Vrådal og gjer opp-tak til sundagsskule. Og no gror det fram lag av ymse slag som sopp om hausten kring 1900-talet. Lærarane spelar ei viktig rolle og er krumtappar i mangt lagsarbeid. I 1890 eller kanskje litt før kom Vrådals upolitiske arbeiderforening. Ei rein hjelpeforening for dei som vart råka av sjukdom eller ulukke. Men den var vel og ein forløpar for dei mange lag som seinare samla seg om seroppgåver.

Men sjølv om det var blåse til strid om alkoholen og opplysninga auka munaleg gjekk det smått med å få bukt med svineriet. Eit gamalt ordtak seier at hev fyrst Vonde-mannen fenge tak i veslefingern tek han snart heile handa. Vrådølane no var vel ikkje anten verre eller betre enn andre etter bygdebøkene å døma. Men sanninga var at alkoholen var blitt ei sann landeplage overalt. So seint som i 1880 fortel biskop Kåre Støylen at far

hans, Bernt Støylen, som student tala på eit oppbyggingsmøte på Kvams-øya og kom og inn på fråhaldsarbeidet. Etter tala tok ein gamal Haugianer han tilsides og sa: «Du Bernt, det hev jamt vore so gildt å høyra på deg, men no hev du tutla deg bort i noko.» (Kåre Støylen: Vår kirke i sør.) Det måtte ei holdningsendring til og det krev tid og tolmod.

Asbjørn Kloster som var kveker skipa det fyrste lokale totalavhaldslag i Stavanger 1859 og «Det Norske Totalavholdsselskab» i 1875. Rørsla vann fort framover og no var det god grobotn for desse tankane i Vrådal.

Kva tid Vrådals avhaldslag vart skipa hev eg ikkje funne, då bøkene hev kome vekk. Men det ligg nær og tru at det var i 1894-95 då Bernt Anker var kallskapelan her. Han var veldig aktiv i ungdomsarbeid. Han vart ein ivrig målmann med han var her og var godt likt av ungdomane. Ein ivrig mål- og fråhaldsmann var og Pål H. Kilband som heldt privatskole på Nordbø i Vrådal vinteren 1886/87. Han sette spor etter seg der han for. Alle lag med ideelt grunnlag hadde sitt handskrivne blad i denne tida. Slik var det her og og «Von» var navnet på bladet. Eit par blad bøker er tekje vare på og fortel mykje om arbeidet.

Fyrste boka eg hev sett er frå 1907-13. På fyrste sida er klistra inn eit bilete av Asbjørn Kloster med helsing frå ei gjente. På fyrste sida i kvart bladnr. stend gjerne mottoet:

«Alt godt og ædelt me fram skal finne.

Til liv og lukka med arbeid vinne.

Alt rått og rote skal feiest ut –

fjrr det kjøver gleda og skaper sut.»

Denne boka byrjar med ei lysing om Brevkveld. Avhaldslaget og dei to ungdomslagi i Vrådal hev brevkveld den 18 desember d.å., (1907). Godtemplarar, avhalds- og ungdomsvener send oss brev. For lagi: Sigrd Olstad, Vrådal, Telemarken. (Ho var lærarinne på Straumsnes). Og mange brev fær dei som er attgjevne i bladet. Millom andre frå Mimmi og Bernt Anker dat. Voss, og ellers frå Hamar, Østre Andebu, Tønsberg, Kristiansand, Hevne, Innerøy i Nordland, Askevoll, Arendal, Dovregubben m.fl. Det er tydeleg at dei hev fenge respons på lysinga og at avhaldsrørsla er vaki og sterk i landet på denne tid. Laget i Vrådal må vera eit aktivt lag som hev stabilisera jamvel fenge igang samarbeid med andre lag.

Desse bladi er gjerne på 4-12 tettskrivne sidor og med 4-8 nr. i året. Men sumtid hev bladstyrarane havt vanskar med å få inn stoff. Mange var smålåtne og trege so dei måtte ha ein puff for å våge seg frampå. I 1909 var det slik og ei gjente byrjar bladet soleis: «Som dykk alle veit hev det i dei siste tider vore småsamt med føda til «Von». Feitprosenten hev minka fleire kilo og held det på slik skynar me at det tilslutt vert å svelte ihel og sveltedauden er skammeleg i våre gode tider.»

Bladi er prega av ungdomsidealisme med sterke religiøse innslag. Men mykje og interessant stoff er der: artiklar, dikt, ordtøkje, spursmålskasse, brev og ordskifte. Mangt er nok henta or «Menneskevennen» (organ for rørsla) og «De unges venn», men mykje hev dei skrive sjølve. Dei er gode til ordleggje seg og orden og fin handskrift gjer at ein blir i godt lag berre ved synet.

Ein merkar seg John Steane og Aadne Lønnegraff som aktive skribentar. Sigrd Olstad hev nok vore ei drivande kraft både som leidar og bladstyrar gjennom fleire år. Ivrige medlemmar var og John Svalland, Peter Gravir og ikkje minst Svein Ormtveit både som leidar og bladstyrar m.m. ogso i IOGT som kom etter. Svein stilla og møterom til rådvelde for baa lag gjennom mange år. Men mange gode skriventar hev ikkje navngjeve seg. Ellers hadde laget sin største ressurs i ein stor og dyktig gjenteflokk. Justisen var streng og den sytte gjentone for. Ellers ser det ut som både lag og blad fær ny kveik kvar gong ein ny lærar kjem til bygda. Olav Muren finn me som bladstyrar fleire gonger med same han hev kome (1911).

Det er klart at avhaldsrørsla var ein viktig lekk i arbeidet for å vekke folk til eit meir moralsk liv. Den idealistiske innstilling og lagsarbeid fekk ovmykje å sei for ungdomen og utviklingi i bygda. Augo vart opna for menneskjeverd og demokrati, skapte hunger etter lærdom og skule og eit reint liv i gode heimar. Venstrevinden tok til å blåse friskt og mål og norskdomsarbeid fengde i ungdomshugane, so det var nok ikkje berre alkoholspørsmålet som vart drøfta. Tobakksbruken kjem og i søkjeljoset. I bladi 1911 kjem ei frk. Urd med eit kraftig åtak på tobakken som er rein gift seier ho. Og noko so ufyseleg som ein snuskjeft og brun tobakksikl i munnvikane kan ho ikkje tenkje seg. Lite koseleg å ha fylgje med ein slik og utenkeleg å gifte seg med. Ho fær svar frå fleire gutar og snart er eit heilt ordskifte igang og skaper liv og moro i laget.

Det er ikkje tvil om at laget utførde eit svært verdifullt arbeid i den tidbolken det gjekk og greide og skape ei holdningsendring og eit anna miljø i bygda. Men dei fekk leiarkrise og stoppa opp. Det er vel truleg at det no hadde blitt so mange lag i bygda og dermed mange «Tordenskjolds soldater» so det var vanskeleg å få alt til svive som det skulde.

Men i mellomtida hadde eit nytt lag starta opp og overtok etterkvart alt arbeidet. I 1912 fekk Lislekås eige skulehus og lærar. Hit kom so den eldhuga fråhaldsmannen Daniel Vefald som lærar og starta straks «Losje Storstraum av IOGT» (International Ordre of Good Templars). Internasjonal avhalds- og fredsorganisasjon stifta i USA i 1851. Kom hit til landet, fyrst til Porsgrunn 1877.

Dei tvo lagi arbeide jamsides ei tid, mest fordi mange ikkje lika alle sermoniane som var bruka i IOGT. På den tid gjekk det ei bylgje over landet

med sterk motvilje mot sermoniar og stive omgangsformer både i kyrkja og ellers. Men sterkare og betre organisasjon tek snart heile romet og etterkvart finn me alle dei gamle tråvarane hev kome på plass i det nye laget saman med mange unge og nye medlemmar. Stort sett vert det drive på same måten. Ogso her hadde dei sitt handskrivne blad, «Måltrosten».

Den bladboka eg hev sett tek til med jolenr. 1921 ved Klara Seljehaug (lærarinne Sanden–Sinnes) og hev 20 nr. fram til 1924. Den siste er frå 19/11 1941–22/3 1942. Men då er det slutt.

Dei spissane me alt hev nevnt byttes nokk litt på formannsjobben, men den som bar dagsen byrd og hete gjennom mange år var Kristian Kråkenes som og styrde med barnelaget ved sida. Ein må berre undre seg over at han kunde klare det ved sida av dei mange gjeremål han elles hadde.

Tor O. Sanden

To plassar i Dalan Skeidal

Denne plassen vart truleg rudd omkring 1800 og har fenge namn etter rudningsmannen. Det hende av og til. I Dalanvisa som Tormod Knutsen skreiv i 1816 er det ein skeibindar i grendi. «I Åmdalen der æ de ein skeibindar-mann å han æ nå liten og pjuskeleg han.» Kanskje var det han som rudd Skeidal? Det var i alle høve ikkje Knut Torsteinsson og kona Sigrid som flytte til Skeidal omkring 1805. Som nygifte budde dei på Hosleberg i Ordal der Sigrid var frå. Dei flytte fleire gonger før dei kom til Skeidal.

Skeidal var plass under vestigard Tveit og låg ovom Kleivmorki. Det var ikkje noko til plass, steinut og full av røysar. Men i «fortegnelsen» av 1855 var plassen ikkje så reint ille. Dei fødte ei kyr og avla 3 tunnor korn og 10 tonnur jordeple og betala 4 1/2 Spd. i årleg plassleige.

Det er lite me veit om Knut Torsteinsson, men skeibindar var han ikkje. Omkring 1815 var han i Treungen, men kva han dreiv med, kjem ikkje fram. Det var midt på kaldaste vinteren og han skulle over heii til Tørdal. Han var ukjend og dagane var stutte og han vassa i snø og blei utsliten. Til slutt la han seg til kvile under ei gran. Lenger kom han ikkje og der fraus han i hel. Dette gjekk hardt inn på Sigrid og Tormod. På denne tid byrja han som lærar, men han blei buande hjå mor si og hjelpste henne framover. Når dei flytte frå Skeidal har vore uråd å finna.

I 1827 bur Talleiv Knutsson og Sigrid Olavsdotter på Skeidal og bur der

til omkring 1840 då flytte dei til Midtveit under Omtveit. Etter dei budde Ånund Eivindsson og Hege Torsdotter på Skeidal, truleg til omkring 1860. Ånund skulle vera so god til rime. Ein gong det var knute på tråden millom Hege og han, dikra han dette verset:

*«Hege Skeidal ho blei so sinna,
ho svor og banne, ville sile i kinna.
Sile i kinna med fullt bebør
so fær me meir båd' av mjåkk og smør.*

Dei flytte frå Skeidal straks etter denne «bataljen».

Lundeberg

Lundeberg under nedre Vesterdal var ein nokså stor og god plass. I «fortegnelsen» over husmannsplassane i 1855 fødte dei to kyr og avla 5 tunnor korn og 10 tunnor jordeple og betala 5 Spd. i årleg plassleige. I gamle dagar voks det barlind på Lundeberg, blir det fortalt, og staden heitte då Barlind-floti.

Frå allmannvegen nede i dalen, kunne ein sjå noko av husi langt oppe i lidi. Den gamle stoga stod frampå tunet og liksom kikka ned på allmannvegen. I mørke haustkveldar såg ein ljuset i glasi. Stod ein på veggen og såg opp, var det mest som å sjå på stjernene.

Det var veldig bratt opp til husi og tungt å gå opp. Mykje av jordet låg nedom husi så mykje av avlinga måtte berast opp. Det var slit. Dei store åkerreinane synner enno litt av strevet.

I kanten av jordet, var det i gamal tid eit hengebratt tømmerkot. I dette skotet for det utfor ein mann på harde skaren. Han «rann» skotet ned, men nauda ikkje noko større.

Dei fyrste ein veit budde på Lundeberg var Knut Åmundsson og Birgit Knutsdotter kring 1790, så plassen må vera ein av dei eldste. Deretter veit ein ikkje nokon som budde på plassen før i 1840. Fyrst på 1850-talet budde Olav Knutsson og Aslaug Åmundsdotter der. Dei buddé på Bjørnflaten i 1852 då sonen deira Knut blei fødd. Han var ein emnerik mann. Han gjekk på Hvideseid Seminar i 1879 og reise same året til USA. Der var han prest i mange år. Han vitja Noreg og Kviteseid fleire gonger og mange brev sende han heim. Siste gongen han var heime, var i 1930-åra.

Seinare har det budd mange på Lundeberg og mange ber Lundeberg namnet. Dei siste som budde på plassen var Marie og Halvor Bakken.

Aasmund Bjørnflaten

Kva hende i Kviteseid i 1925?

Kviteseid fråhaldslag hadde 20 års fest joli 1925. Lagsavisa «Solvend» kom i det høvet ut med festnummer. Redaktør var Olav Lien. I festnummeret var millom anna med eit «Referat» frå innvigingsfesten av ungdomshuset «Sundvang». Her tek ein med det som gjeld sjølve innvigingsfesten.

Eit attersyn yver dei viktigaste hendingane i det farne året lyt vel «Solvend» gjeva. Eg kan ikkje nemne alt, bare dei viktigaste.

Kviteseid hev fenge ny klokkar, og den nye klokkaeren hev fenge seg ny hatt. Ellers er ikkje klokkaeren heilt ny, han er 46 år gamal, men ber alderen godt. (B. Berge).

Kviteseid Handelslag A/S, største firmaet i landet, hev fenge seg lirekasse (kassaapparat). Knutsen spelar og Herrefoss dansar. Den ambulerande framhaldsskulen hev kome til Kviteseid sentrum med alt sitt «tilbehør». Knut Olsen (Dukane) og klokkebandi hans irekna.

Innan «Labour Party» hev vore førarskifte. Andreas (Teigen) og Olav (Valbø) fall gjennom, og nye førarar hev dukka upp. I staden for frå Moskva fær dei sine tæsur frå Tempelet i Brunkeberg. (Templen) Kjetil Flalestad er vald inn i heradstyret, skulestyret, fatigstyret, vegstyret, overstyret, understyret. Han er formann i jordstyret, venstrelaget, og vert truleg formann i fråhaldslaget, ungdomslaget, helselaget, mållaget og dyrevernet. Dei snakkar um å vera «pott og panne» i ei bygd, men Kjetil Flalestad er meir enn det og han. Han er uppteken med møte heile året, er berre heime i jol og påske.

Me hev fenge ein Hornmusikk i bygdi som gjer underverk. Ein talar um å blåse liv i ein ting, men Knutsen, Oppebøen & Co blæs livet or oss snart. Ein kan no ikkje koma inn på ein fest eller eit møte, fyrr ein fær ein domedags brus yver seg. Nerveveike folk rømer, og elles stend det ille til med trommehinda på nokon kvar.

Det er elles ein vidunderleg musikk, og blåsarane fortener all ære fordi dei hev teke det upp, men endå må ein be at dei ikkje blæs oss burt frå kloden enno, og fælt få av oss er budde til å fara. Teodor Skarprud og Sigurd Nørstrud er nok ..., nei dette må ikkje kunngjerast.

Ei av dei største hendingane er likevel at syster vår, ungdomslaget, hev fenge nytt hus. Kva det skal heite, veit ingen, men eg nemner ei par framlegg som hev gode voner um å gå gjennom: Åmland Bruk (Hans Om), Botn-viki (Nils B.), Johannesborg, etter far av laget (Johs, Sk.). Eksem-pelen og mange fleire.

Innvigingsfesten var ei stilig framtoning. Eg må referere litt frå den. Det byrja med at det kom ut det ordet at huset var ferdigt. Sidan såg me i bladi

at det skulle vigjast. Festen byrja kl. 4 med at ein måtte punge ut med 2 kronur. So slapp me inn.

So kom det fram ein nasjonalkledd mann, som eg seinare fekk vita heitte Hans (Omland). Han sa noko som me visste so vel: at me var velkomne. So skulle me syngja, men då byrja eit torebrak framme ved scenen. Det høyrdest ut som ei steinskrede som gjekk på tonen: Gud sidgne vårt dyre fedreland.

So kom det fram ein mann som fortalde at nokre byggmeisterar hadde bygt huset, at ein murar hadde mura muren, ein målar måla målingi og ein snikkar gjort benkene. Han gledde seg svært til å få hive seg i dette nye huset, høyrdest det ut til. Eg tenkte med meg sjølv det ikkje var so rart, for han såg ut som han ikkje var rett vaksen endå. Seinare fekk eg til mi grenselaue undring vita at han var 70 år, men det trur no ikkje eg. Det er so mangt som stend i «Norig» som ikkje er sant. (Norig var ei ny-norsk avise som kom ut i Skien.)

Ja, denne mannen (Nils B.) gav so huset til Hans – han med knebuksone og sosialistlipsen. Han takka for huset, endå han vel visste at det var ungdomslagets. So gav han ordet til ein lang ragater som tala um noko. Det var ein slags bruksanvisning på huset, og so takka han Nils og Nils takka Hans og Hans takka Aall og Kvål og Cappelen på Ulefoss, ja, det var ei takking som ingen ende ville taka. Dei takka daude og livande, avhaldshuset og Ekserhuset. (Det gamle misjonshuset.)

So kom det fram ein mann som var rarare enn alle andre. Dei kalla han Terje (Vigen), men han likna kje Lindstøl (i Seljord) heller. Han var visst folk glade i, og det var ikkje noko rart i, for eg fekk vita at han var far til dette barnet som no hadde fenge seg hus. (Johs. Sk.)

So kom den nye klokkaeren fram med det nye koret sitt og dei lira av seg ein song, som fekk stor fagning, for songen var god og dei song godt.

So kom der ein mann med rosemåla leggjer og 2 klokkeband – han heitte visst Olsen (K. Dukane) – han las om ein gamal mann og ein gutunge og ein gamal mann. So sa han nokre ord um Hølje Dale på Tinn, truleg mannen av Kari Midtgard på Tinn. (Hølje Dale var formann i Telemark Ungdomslag, og Knut O. Dukane var nestformann.)

So kom det fram nokre som ville fri, men so rei dei gale og tomle og bar seg. Eg kan kje skjøne at dei ville liggje der å trette so folk såg det.

So spela Tjønntaulen og no såg det ut som dei var galne både store og små. Dei dansa so ein kunne tru dei sleit ut golvet på ein time. Me fekk mat og den var so god at eg åt meir enn eg hadde godt av. Millom gjestene var forutan meg og Kjetil Flalestad, sakførar Hegland, sorenskrivar Wichstrøm og Treskoposten.

Olav Lien

Bygdi mi

Eg veit ei bygd eg elsker meir enn hine
Ho ligg so høg og fri i hugen min –
med ljose lider over vollar fine
der glade bekker surlar songen sin.

Eg veit ei bygd som kledd i sol og sumar
i hugen min kan skapa frygd og fest.
– Og Jonsokbil – når dagen stend i blommar
då hugar ho meg kanskje aller mest.

Då dansar fivrell glade over engi
og syng i sol og venleik dagen ut –
Mot kveld dei kviler seg i blomsterengi
når skuggan' fell bak fjell og høge nut.

Eg veit ei bygd som ber sin fagre bunad
so vent det gjer meg inni bringa veik.
Nei ingen stad som hera, kan meg une
– nei ingenstad – i alvor eller leik.

Birgit Hemmestveit

Det var skuleveg, det

Ein fin oktoberdag i 1937 kom eg syklande til Vrådal. Eg var tilsett i Sinnes-Skree krinsar, og var ikkje kjend korkje på veg eller leid. Men vegen var lett å finna.

Eg kunne velje om eg ville ha skule annankvar dag eller annakvar veke. Eg syntes det måtte vera best med skule annankvar dag og hadde det slik så lenge eg var i krinsane. Krinsane Sinnes og Homme ligg på austsida av Vråvatn og Sinnes og Lunden på vestsida.

Det blei etter kvart mange turar over Vråvatn. I bein line er det omlag 1700 meter rett over. Fyrste turen blei nok litt lenger, for eg hadde lite vore i ein pråm før og hadde ingen tame i å ro. Men eg lærde etter kvart. Eg var på Skree måndag, onsdag og fredag. Dei tre andre dagane var eg i Sinnes.

Seks skuletimar kvar dag for både små og store. Fyrste hausten var det plent stillare dei dagane eg skulle over til andre sida enn åra seinare.

Isen la seg i nyårshelga og fyrste skuledagen i 1938 var isen farande. Og for ein is det var det fyrste året! Stålsen låg blank og tjukk over heile fjorden. Det blei leik og skeising. Eg hugsar Svein Straumsnes og eg drog oppover isen til Homme på eit møte. Då me skulle utatt, hadde vestavinden auka på. Det blei god bøl og me sette sparkane etter kvarandre. Eg stod på setet på den framste sparken og heldt ut frakken til segl. Det gjekk så det dura til me kom bak Sinnesodden og var heime.

Eg var ikkje alltid like heldig med seglføringa. Ein morgon med blank is skulle eg over til Skree på sykkel. Eg hadde med to-tre Dybdals anatomiske plansjer som eg skulle bruke i undervisninga. Eg hadde festa dei til beraren på sykkel. Isen var glatt og vinden auka. Dei store plansjane losna av vinden og for avgarde ei etter ei. Eg prøva så godt eg kunne å få tak i dei att, men det var lite feste både for sykkelen og meg. Det bar avstad med alt saman mot Sundsøy. Heldigvis spakna vinden snart, og det varde ikkje lenge før me alle tre var framme ved skulen.

Siste turen over isen denne våren, hugsar eg godt. Vårveret sette inn tidleg. Alt i februar strauk mild vestavind etter dalen dag etter dag og snøen minka og blei svart. Eg hadde vore over isen til Skree på onsdag, som vanleg. Om kvelden møttest Øystein Midtbø og Kristoffer Roholt på isen utfor Sundsøy. Med dei stod der og tala om at isen var blitt stygg, seig isen under Kristoffer, og han låg i vatnet. Det gjekk bra. Eg fekk vita om dette, men stelde meg med spark og god brodd og ein skikkeleg staur til prøve isen med.

Frå land syntes isen vera sterk nok. Eg strauka med stauren og fann at isen var brukeleg. Brått gjekk staven gjennom isen med fyrste slaget. Eg tenkte det var ein mindre flekk som var så klein, men det blei verre og verre. Då isen under foten min gjekk, torde eg ikkje snu. Eg prøva bruka kloi så lett som råd, men det gav etter for kvart sparketak. No var eg komen godt utom Sinnesodden. Til andre landet var det kanskje meir enn ein kilometer.

Isen var svart kringom meg. Då fekk eg auga på ei ljosare stripe som gjekk over til Midtbølandet. Det var vel etter ein sprekk i isen laga i vinter. Eg svinga etter stripa og heldt jamn fart. Men taket gjekk for kvar gong eg sparka, endå eg syntes eg var lett på foten. Eg kom fram. Eg var korkje skjelven eller redd etterpå. Eg var heller trygg og glad. Det er ei ljos stripe i livet som ber til lands, endå om det er mørkt. Eg hadde kanskje ei oppgåve å gjera?

Eg var aldri ute for slik is seinare, men til sine tider kunne det vera spennande. Ein gong eg hadde skule på Skree, det var på vårparten, sette vesta-

vinden inn, og isen tok til landlosne. Då slutta eg på skulen før tida og prøva kome meg over isen. Litt frå land hadde det sprunge ei råk. Ho var ikkje breiare enn eg fekk slengt sykkel over og sjølv hoppa eg etter. Utpå var isen god, men då eg kom til andre sida, var det ope vatn innmed land alle stader. Agnes Hauge, seinare Lie, hadde sett meg og kom med ein lang stige så eg kom greitt i land. Ikkje lenge etter var det ope vatn der eg hadde fare.

Det var kalde vintrar under krigen. I Skree krins var skulestoga privat, og klein og kald var ho. Eigaren hadde ei umogleg kontrakt med skulestyret. Leiga var fastsett ein gong for alle og svært låg. Det sa seg sjølv at huset ikkje blei mykje påkosta. Det var så kaldt på golvet at då me ein av desse kalde krigsvintraner fekk rimet av glassrutene så det draup på golvet, fraus det til fine «øresvoldar» som me hadde til på vårparten.

Då me klaga over at huset var kaldt, blei det sommaren etter prøva å tette noko. Det blei sett opp ein støypemur utanpå den gamle grunnmuren. Den nye muren nådde opp på timra eit stykke. Då vinteren sette inn og telen fekk tak i den nye, støypte muren, blei tømmerveggen lyft opp, men golvet låg att på plassen så det blei opningar mellom golv og vegg på eit par tommar mange stader. Då rømde me. Elevane måtte over til Sinnes skule ei tid. Der var det varmt og godt. Men å gå over isen var kaldt. Ein av elevane skaumfraus på bae øyro.

Etter ei tid fekk me eit rom i hovudbygningen på Skretveit.

Steinar Myrvang

Ungdomslaget Vårvon i Brunkeberg

Ungdomen har alltid vore glad i leik og dans, song og spel. Sumarstid møttest dei på leikarvollen til «dans og sprang, på den grøne vang», skreiv Ivar Aasen.

Vinterstid var det verre. Då lände dei stoga av ein eller annan snill gardmann eller husmann. Ofte var det skralt med musikk, men ein raklespelemann eller god kvedar greidde seg. Slike samankomer kalla dei strok.

I slutten av 1800-talet blei det skipa ungdomslag både i Kviteseid sentrum og i Morgedal. Dette «smitta». Ein vårdag i 1903 fann folk i Brunkeberg kyrkjekrins plakater med oppmoding til ungdom i alle aldrar om å vera med og skipa ungdomslag. Dag og klokkeslett var fastsett og møtestaden var skulestoga. Det møtte mange og alle ville vera med. Plakatskrivaren

Olav Sakkrissen blei vald til formann. Olav Haugland blei nestformann og Eivind Haugan kasserar.

Dei blei fort samde om at laget skulle heitte «Vårvon». Dei ville også få lagsavise, men det namnet vart dei ikkje samde om. Bladstyrar var det heller ikkje lett å få nokon til. Til slutt tok ei jente på seg jobben. Namnet hennar er ukjent. Namnet på avisa blei utsett til neste møte. Det blei sett opp ein premie på ei krone til den som fann beste namnet. (Ei krone då, var mest ei halv dagløn.) Medlemstalet auka både av jentur og gutar.

Eivind Haugan hadde vore med i fyrste møtet. Dagen fyri neste møte råka han Olav Sakkrissen på vegen. Dei kom sjølv sagt i prat både om laget og avisnamnet. Eivind fortalde at han hadde kome på to gode namn, Heilhug og Hugheil. «Eg veit ikkje kva som er best», sa Eivind.

Neste møtet var den 7. juni 1903. Då kunne ikkje Eivind Haugan vera med. Lagsavisa kom med fyrste nummeret. Dei skrytte av avisa og av jenta som hadde våga seg som bladstyrar. Dei røysta med setlar på namnet. Sakkrissen hadde skrive «Heilhug» på sin setel og det blei vedteke med stort fleirtal, og Sakkrissen fekk krona.

Ei tid etter møttest Olav og Eivind. Olav fortalde kva han hadde gjort. «Eg vann krona», sa han, «men eg miste ho straks». - «Det var som det skulle vera», sa Eivind, «for du stal namnet og krona av meg!»

Lagsmøta hadde dei i skulen. Medlemstalet kom snart opp mot 50. Nyfikne som alle var, møtte alltid mange. Heilhug var alltid med og skrivehugen auka. Det vart gode møte, som regel. Ei tid hadde dei jamvel songkor med lærar Endre Sandland som dirigent.

Frå fyrst av førde dei ikkje møtebok. Formennene hadde så «god skalle» at det trongst ikkje, sa dei. Men lenge varde det ikkje før protokollen måtte til. Heilt fram til 1934 valde dei ny formann kvart år. Somme blei seinare valde oppatt.

Lagsarbeidet gjekk som sagt bra, men dei sakna eige hus for å få betre plass og stå friare med kva program dei ville ha. Tanken om å bygge var framme av og til. Kor skulle det byggjast, vart det og tala om. Å bygge ved kyrkja var alt for langt for medlemene frå Åsgrend, som no hadde kome med. Medlemene fra Sandland ville bygge ved Slåtta. Ved kyrkja kunne dei få tomt av Kjetil Sakkrissen, klokaren. Så sovna byggetanken av. Då tok Talleiv Omtveit fatt. Han baud laget 50 kroner om dei ville bygge ved kyrkja på tomti Kjetil baud fram. Då vakna mange. Femti kroner var mange pengar på den tid. Så tok Eivind Haugan og Olav Haugland på seg å gå rundt i krinsen og be om pengar, material og gratisarbeid til huset. Bygdefolket var flinke til gjeva så det kom inn mykje. Nokre få stader slapp ikkje innsamlarane inn og ein stad gav dei ikkje til noko så nedbrytande som ungdomshus, sa dei.



Ved ungdomshuset 17. mai 1954

Innsamlinga gjekk så bra at dei byrja å bygge straks. Talleiv Omtveit blei vald til formann i byggenemnda. Med seg fekk han Eivind Hauglid, Eivind Haugan og Olav Haugland. Bygginga gjekk greitt og huset var ferdig hausten 1908. Då var laget skuldig 350 kroner. Det fekk dei låne av Eivind Haugan, men det varde ikkje lenge før skuldi var betala. Huset fekk namnet «Skjoldborg» og blei innvigd med ein drusteleg fest hausten 1909. Det kom fleire folk enn det var plass til. Redaktør av Hugheil skreiv etter på at «huset var for lite til stå på ein så sentral plass.»

Møteprotokollar er ikkje å finne, men rekneskapsbøkene fortel inndirekte at medlemstalet var utruleg stabilt og at økonomien var bra. Namna på dei fleste formenn får ein og greide på. I heile livssoga finn ein at bare tre jenter var formenn. Den fyrste var Kari Hauglid (Bjåland) i 1939/40.

I 1941 vart det innlagt elektrisk ljøs i huset. Lagsarbeidet vart noko rart under krigen. Offisielt var det ikkje noko drift i laget, likevel var det spela og dansa i huset. Det hende dei måtte røme.

Til vanleg var Heilhug ein viktig programpost. Mange av medlemene var gode til skrive både dikt og anna. Det kvikka godt opp, mange gonger. Ellers hadde laget litt av kvart: foredrag, fotturar og skiturar, skirenn og idrott, leikeskei, sketsjar og nokre skodespel. Hausten 1925 var Drabløs tea-

ter på gjesting med skodespelet «Kråka» av Jens Tvedt. Våren 1949 øvde dei inn skodespelet «No brenn det». Det blei framsynt 17. mai og gjorde stor lykke. Dei fann då på å syne spelstykket fram i Valle i Setesdal og på Dalen. Nokre timar etter at skodespel og dans var ferdige på Dalen og Vårvon reiste heimatt, byrja det brenne i ungdomshuset. Det brann ned. Etterpå blei det granska for å finne årsaka og slege fast at Vårvon var skuldlaus.

I det fyrste arbeidsåret etter krigen (1945/46) var medlemstalet større enn nokon gong, men alt neste år gjekk talet nedover. Tidene endra seg fort. Mange måtte alt då utom bygdi for å få arbeid. Med eit medlemstal på omkring 10 var det ikkje lett å få lagsarbeidet til gå. Laget valna og sovna i 1964 og huset blei selt i 1966.

(Kjelder: Rekneskap-protokollane, Avisa Heilhug, Bladstykke av Torleiv Aasmundtveit i «Varden» 1915).

T.J. S

Då Telemark folkehøgskule vart vigsla

Telemark folkehøgskule flytte i 1914 frå Seljord til Kviteseid. Då skulen byrja hausten 1914 var ikkje bygginga og vølinga av den gamle bustaden ferdig. Men både lærarar og elevar tok alt med tolugt mot. Fyrst sundag 31. januar 1915 vart skulen vigsla. Mange frå Kviteseid og frå andre kommunar møtte fram. Dei med lengst veg, kom dagen før. Olav Gullvåg, redaktøren av bladet «Norig» i Skien, kom dagen før. Han laga eit fyldig referat av vigslinga og skulen. Her tek me med utdrag av det han skreiv.

Han byrjar slik: Me kom med båten til Spjotsodd laurdagskvelden. Då me kom til Folkehøgskulen var soli gått ned og det skomde mot kveld.

Denne fyrste kvelden på Telemark Folkehøgskule er noko av det gildaste eg hev upplivd. Rundt i kring i salar og gangar, hørdest song og nynning frå gitar og jentur som pynta skulen til innvigingsfesten. Dei hengde upp flagg og sløyfer og kransar av bar og lyng.

Ute var det kald og stjerneklår vinterkveld. Det låg fred yver bygdi, men i dei oppvermde salane på høgskulen var det liv og livsglede.

Sundag, litt etter middag, byrja festen for mange innbedne. Det var eit drusteleg lag der millom andre, desse var med: Kviteseid heradstyre, styret



Telemark folkehøgskule omkring 1920.

og forstandarskapet i Kviteseid Sparebank, formannen i Bratsberg Amts skolestyre, sokneprestane frå Vinje og Seljord og kapellan Winsnes frå Kviteseid.

Sjølve storfesten byrja klokka 3 (15). Folk strøymde på så den store fest-salen vart reint for liten. Høgskulestyrar Jakob Naadland heldt ei kort tale og slutta med å ynskje alle velkomne. Både då og utyver kvelden blei det songe mykje – særleg høgskulesongar.

Sokneprest Halvdan Freihow heldt innvigingstala. Det arbeidet folkehøgskulen gjer, kan ikkje verdsetjast høgt nok, var tråden i tala hans. Han slutta med å lyse velsigning over skulen, lærarar og elevar.

Deretter fortalde Kr. Torp Hansen, formannen i nemni for flytinga, om arbeidet. Med i nemnda var lensmann Sandvik, O. S. Lie, A. Utsund og Tor Vaa. Naadland hadde i 1913 kaupt Utsund av Einar Brauti for 26.000 kroner. Nokre dagar før festen, vart det halde branntakst for husi slik dei var då. Den nye skulebygningen 81.000 kroner, den nyvøldte stogebygningen 22.000 kroner og uthus og sag 21.000 kroner.

Alle tykte skulebygningen var ovleg stilfull og fager og undra seg yver korleis eit so stort arbeid kunne gjerast so snøgt i so vanskeleg tid.

Skulen hadde fenge mange gåvor og tilskot, både små og store. Skulevener i Treungen hadde gjeve 5.000 kroner og vener i Vest-Telemark hadde gjeve god for 15.000 kroner. Kviteseid heradstyre ville yte 500 kroner årleg

i fem år og Kviteseid Sparebank gav fyrste året 1.038 kroner. Elles kom mange med mindre gåver, både pengar og anna.

Naadland ville framom alle, nemne Kr. Torp Hansen. «Det han hev vore for meg denne siste sumaren er ikkje godt å få sagt.» Mang ein gong hadde Naadland gjeve vonlaus inn til Torp Hansen, men «når han gjekk utatt, var det stødt med ny vilje. Det var ikkje grensør for det Torp Hansen hadde makta» sa Naadland til slutt.

Songkoret som lærar Gjerde leia, song fleire songar og frk. Haus song solo. Mange tala og bar fram gode ynskje. Formannen i Bratsberg Amtsskolestyre, lærar Tennefoss, tykte det var ei ære og glede både for bygdi og Amtet å få slik fager skule. Tidlegare høgskulelærar Nils Botnen helsa og ynskta den nye skulen alt godt.

Til slutt tala Naadland og avduka den nye fana som skulen hadde fått. Det var Erik Eggen som hadde måla fana. På baksida stod det Telemark folkehøgskule, skipa 1880. På framsida var jotunjenta Gerd frå Skirnesmål måla. Fana fekk mykje ros.

Til slutt vart alle telegramma opplesne og fedrelandssalma songe.

Den gong fjordane var viktigaste ferdslvegen

*So rodde dei fjordan,
so køyrde dei strondi,
so Reid dei lian,
– so vassa dei sundi*

Aslaug Vaa

Kviteseid er bygdi med dei mange fjordar og sund. Skulle folk på byferd eller til kyrkje ein messesundag, måtte mange taka årane fatt. Det gjekk lett i stilt ver og medvind, i motvind var det verre. Dei fortel om ein mann, han var endå frå Lindestad eller Vigdeil. Han rodde ut på fjorden om morgonen og ropa ut i veret: «I dag skal eg til Fjågesund». Men han tenkte seg til Spjotsodd og fekk strykande bør.

Mange namn langs fjordane fortel om ferdslve i gamal tid. Holland og Hollenderodden på sidsida over Fjågesundstraumen har namn frå den tid hollendarane kjøpte tømmer her oppe. Det var før bybogarane i Skien fekk



St. Olaf ved Dalen brygge

privilegium på denne handelen. Kauphamar ved Kviteseid gard har også tydeleg med handel å gjera. Halvfarodden på sørsida av Bandak, fortel at ein der var halv-vegs mellom Spjotsodd og Bandakslid. Skrikarberget ved Neset og Tutarholmen beint over for Spjotsodd var stader der ein måtte få båtskyss for å koma over.

I Lårdølsto i Strauman la lårdølane i land når dei skulle til gamlekyrkja i Kviteseid for lenge sidan.

På Spjotsodd ser det ut til å ha vore fast ferjemann alt i 1763. Sokneprest M. B. Landstad sende i 1838 brev til formannskapet: Han meiner det må byggjast bru ved Sundet og flytebru ved Spjotsodd. Ferjing over desse to sundi fram og attende kom på 6 skilling for kvar person. Slikt var dyrt for fatigfolk og skadde kyrkjesøkinga, skreiv Landstad.

Flotbrui frå Setflotodden og over til andre sida er nemnd i 1843 under vegløyvingane frå amtet. Ei byferd til Skien tok åtte dagar. Det var merke på land som viste kvar dei skulle skiftast på roingi. Roskifte var ofte oppbygde som små steinvardar og det var ein fjordung (2,5 km) mellom dei.

Isak Gundersen i Fjågesund kjenner roskifti ved Kviteseidfjorden. Fyrste roskiftet var frå Fjågesundstraumen til Sagodden ovom Fjågesundstraumen.

Andre skiftet var ved Pekebergodden. I tredje skiftet for dei framom Likhelleren som er like ved strandi. Vinden kunne bli so strid at gravfylgjet frå Fjågesund og Kilen til Kviteseid gamle kyrkje måtte snu. Då sette dei kista her til vinden spakna. Fjorde roskiftet var frå Sagabukti til Kauphamar. Dette var det stuttaste og vart kalla Kjerringfjordingen, fortalde Isak.

Det var mange overnattingsstader langs fjordane. Der kunne dei få kjøpt mat og kaffi og stundom det som sterkare var. Røyrhelle ligg ytst i Kilen. Aasmund Vinje overnatta hjå Gunlaug og Hans Røyrhelle i 1856. Han og ein hjelpar rodde frå Flåbygd til Tokkedalen for å samle folkedikting. Det vanka jamvel nydregen aure på bordet om morgonen då han skulle vidare. Her er eit gamalt stev:

*Steinar Øveland er god til spila
og etter jentun' so hev'n kila.
Kjilekrokings-jentun fer han forbi
for det er te Anne Røyrhelle han vil fri.*

Vigdeil var også ein kjend overnattingsstad. Bygdediktaren Andres Strømstad (1762–1836) må ha laga ei vise om ei byferd. Berre siste verset er berga frå gøymeboki. Verset er ei blanding av bygdemål og bymål. Rosemålarer Jon Sunde og Daniel Vigdeil var med han. Slik fortel verset om heimferdi:

*So kām me til Vigdeil om aftenen,
– hei, hā, om aftenen –
der blei me traktert på ny igjen.
Vi fik øl og vi fik mat
og vi skjiltes ad
Jeg og Jon Sonde å Daniel.*

Spjotsodd var midtpunktet for ferdsla over sundet og like eins ut Kviteseidfjorden og opp Bandak. Her var det Per Skoland våga ein daler med nokre vinbyggjar at han kunne gange over på nattgamal våris. «Men de må ikkje rope på meg», sa han. Det er sagt at han gjekk over til Smeodden, slo krossar for seg i lufti og mulla. Men då han var komen halv-vegs hitover til Spjotsodd-landet att, fælte vinbyggane at dei skulle tapa. «Inkje lenger, Per!» ropa dei. Då brast isen og Per drukna. Bare hatten flaut. Dette var i presten Winfelds tid.

Langbestefar min, Johannes Steinarson, stelde med noko borte i Kyrkjes-toi ein sumar-dag.


Då hørde han at det var folk i kvernhuset på Høysvev på den andre sida straumen. Han rodde over og råka nokre «fjollmenn». (Folk frå dei øvre bygdene vart ofte kalla slik.) Dei streva med draga kvernsteinen rundt. I byen hadde dei kjøpt seg korn. No melde svolte seg og dei tenkte dei kunne mala til eit grautmåltid. Langbestefar bad dei heim på mat før dei rodde vidare oppover Bandak.



I 1847 byrja arbeidet med ny veg frå Ulefoss til Strengen. Dette gav eit puff til den gamle tanken om eit dampskip på vatni i Vest-Telemark. I bygdene langs fjordane vart det i 1851 teikna aksjar for 10.000 daler. Same året gav staten eit lån på 8.000 daler. 7. juni 1851 vart skipingsmøtet for det nye båtselskapet halde på Spjotsodd og lover vart skrivne. I det fyrste styret var landhandlar Wohl, dyrlækjar Bjørnson, distriktslækjar Bakke, lensmann P. Mandt, direktør Olaf T. Flom og Kristian Flom med. Alle desse var frå Vest-Telemark. Dessutan vart hamnefut Vauvert frå Skien med i styret.

Båten dei kjøpte var ein hjulbåt som kom i delar frå England og klinka saman på Saltevje ved Flåvatn i 1852. Båten var 91 fot lang og 14 fot brei. Det var stor stas ved sjøsetjingi den 2. juni 1852. Etter at landhandlar Wohl frå Kviteseid hadde slege ei flaske i stamnen, tok båten til å gli. Men so kila han seg fast og fyrst etter to timars strev, flaut han på vatnet. Han fekk namnet «St. Olaf».

Det var vanleg med mytologiske namn på båtane på denne tid. Båten på



Vippebrui var ferdig i 1862

Mjøsa fekk namn etter Skibladnir som var skipet til guden Frøy. «Kong Ring» på Tyrifjorden og «Halfdan Svarte» på Randsfjorden kom i drift i kring 1840. Men eg lurar på om ikkje den digre fjellkulen «St. Olavs skip» på sørsida av Bandak har hatt sitt å seia ved namnedåpen på Saltevje.

St. Olaf stakk fire for djupare enn venta så dei måtte mudre både i Fjågesundstraumen og Skarprudstraumen for å få djup nok båtrenne. I Skarprudstraumen måtte den svære Jakobshella minast sund.

Etter ein gamal spådom skulle verden gå under når det kom ein båt på Bandak som «røykte seg fram». Då «St. Olaf» var ventande til Kviteseid, møtte helgekledd folk fram for å sjå på vedunderet. Millom dei var sylvsmeden Olav Bukti og Targjerd, kona hans. Da båten kom skovlande lydde det stilt frå Olav: «Eg trur det er synd, Targjerd!»

Stoppestader for St. Olaf frå Dalen og utover var Bandakslid, Lårdal, Apalstoi, Spjotsodd, Fjågesund og endestasjonen Strengen. I Apalstoi kunne folk frå gammalt leige pråmskyss til Lårdal og Bandakslid. Då St. Olaf



Parafinlampene var «fyrårn».

tok til med rute, måtte folk roast ut til båten. Vinje skreiv i «Dølen» den 16. januar 1870 om gamlefuten Florentz som var død i sitt 95 år i 1869. Gamlefuten budde på Utbøen då Vinje gjesta han siste gongen:

«Då eg sist var i hans gode hus no halvfemte år sidan, tilta han og sprang med meg ned på Apalstodbakken fram mot dampbåten og stod der uppe og skygde med handi som augneskjerm og såg etter meg, og baud farvel, og bad at eg snart måtte sjå til smørgrauten, som den snille dotter hans hadde koka og sendt med meg til båtniste. Eg skulle ikkje sjå hånom meir! Å ja. Det lyt vera ein ende på alt», skriv Vinje.

Far minnest at skroget av «St. Olaf» låg sud på Buktsanden då han var gutunge. Om dette har han skrive: «Me fekk reist ein stige so me slapp upp på han. All innreidnaden var teken burt den gongen, det var berre hole båten att. Når me sprang innunder dei lange jarnveggene, song det so holt og rart». «St. Olaf» var opphoggen på Ulefoss i 1880-åra.

Ein del av innreidnaden i «St. Olaf» finst rundt i bygdene. Gallionsfiguren kom til kaptein Sundt som ei tid førde «St. Olaf». Seinare flytte Sundt nord på Flatin og trefiguren fekk han med. Staden der han budde, kalla han St. Olafs plass. No er gallionsfiguren i Fylkesmuseet i Skien.

Klokka skal vera hjå Olav Jore på Dalen og saluttkanona hjå Torbjørg Bakke i Lårdal. Ei salongdør er i stoga på Lunden i Kviteseidbyen og polyfonen hjå Harald Oppebøen. Stempelet skal John Eilefsen ha og dei runde kahyttglasa har vore fjøsglas på øvre Svanajord. Eit skåp skal stå på Rue i Ordal. Ein av dampkjelane hamna på sudigard Uppsund. Den andre låg på strandi sunnafor bryggja i Kviteseid i mange år.

Då Bandak-kanalen vart opna i 1892 var det ikkje mindre enn fem små båtselskap som konkurrerte om passasjerar og gods på Telemarksvatni. I eit bladstykke frå den tid heiter det: «Ein gong i 1890 åri låg «Telemarken» med kaptein Olsen og «Dalen» med kaptein Sundt ved bryggja i Kviteseid. Kaptein Olsen spurde ein mann om han skulle til byen. Kaptein Sundt høyrde dette og sa: «Bli med oss til byen (Skien) så skal du få gratis tur + morgonmat og ei halv øl.»

«Inland» og «Telemarken» gjekk fortast. Far fortalde at han som gutunge skulle vera med far sin til Bandakslid. Dei gjekk ombord i «Dalen» ved Sandodd bryggje. Då høyrde dei «Inland» tuta utom Gulløy. «Set på hjelpekransen!» ropa Sundt til fyrbøtaren. Til passasjerane ropa han: «Flyt framover på dekk, det aukar farten».

Litt opp på Bandak såg dei «Inland» noko langt ute på fjorden. Men «Inland» voks seg større litt etter litt. Snart kunne dei lesa namneskiltet. Det vart spennande. Sundt sikta no leidi mot Bandakslid. Men etter kvart var «Inland» med kaptein Berg på høgd med Dalen og ville framom. Det var for tidleg å tute til Bandakslidbryggja for Dalen . . . men «Tut! Tut!» høyrdes båtfløyta frå Dalen. Den som fyrst tuta, hadde retten til leggja fyrst til bryggja. «Det var mangt morosamt med båtferdsla den gongen», sa far.

Desse små båtselskapa slo seg saman til eit selskap i 1900. Dei hadde sju båtar. Ein av dei var «Telemarken». Han var bygd ved Akers mekaniske verkstad, men sett saman ved Spjotsodd i 1875. Bestemor var mellom dei som såg på då båten gjekk av stabelen. Ho hadde fortalt at dei smurde grønsåpe i renna der båten skulle løype til fjords. Ei trosse var fest rundt eit par store tre og andre enden til båten. Men no hende det som ingen venta. Trossa rauk og enden fauk høgast i lufti. Heldigvis råka ho ingen, men «Telemarken» gleid frank og fri heilt mot andre landet.

I 1894 vart «Inland» sett inn som hurtigrute om sumaren. Båten gjekk frå Dalen klokka seks om morgonen og var ved Vrangfoss i ellevetidi. Utpå ettermiddagen la han til ved Telemarksbryggja i Skien. I sekstidi om kvel-den var han i slusene ved Vrangfoss på oppveg. Klokka halv tolv om natti la «Inland» til bryggja ved Lastein på Dalen. Båten vart fyra med ved i mange år, og alle sluseportane vart drivne med handmakt. Reiste ein med morgontog frå Kristiania til Skien nådde ein hurtigruta og kom til Dalen om kvel-den.

Det vart hogge mykje dampbåtved eller langved dei kalle for skiene var to alner lange (omlag 1,3 m). Under dei to verdskrigane vart det fyra med ved. Rutebåtane bruka 7 famner frå Dalen til Skien og oppatt, men «Dyre Vaa» greidde seg med fem, fortalde kaptein John Ståland.

Kaldaste jobben vinterstid hadde dei som stod på brui og styrde. Styrhus kom fyrst etter siste krigen. Styrmann Rudolf Ruud, som tok til på båtane i 1943, hugsar godt den opne brui. Då var det å kle seg best råd med skinnluve, fora frakk og støvlar med trebotnar mot kulde og vind. Båtkarane fortalde at dei aldri blei forkjøla. Årsaki meinte dei var at dei drakk så mykje tran.

Ein vårmorgon med solskin såg dei ein liten stokk på botnen ovom Holland. Best det var livna «stokken» og såmde bort. Det var nok ein svær ål. Halvor Bukkøy såg ein veldig ål renne seg i buktir inn i uri utanfor Kvennes. Seinare tok Halvor alltid med seg børsa om han skulle sjå ålen att. Det kunne blåse kraftig på fjordane. Verst var det når nordvesten slo ned frå fjellsidene på Bandak. Då kunne vassføyka slå heilt opp på brui. Men eg har aldri høyrte at båtane måtte gje opp for vinden nokon gong. Verre var det med isen. I 1912 fekk dei isbrytaren «Vrangfoss». Kviteseidningen Olaf Mathisen var kaptein. Broren Ingvald var også fast båtkar. Arne, ein annan bror, var på båtane i sin ungdom.

*«Her upp i Vestfjelli er so laga
at isen velle kån største plaga,
å slå han er ingen baneleik
når sjølve Vrangfoss han er for veik.
(Samuel Nordskog)*

Vart isen for tjukk, måtte Vrangfoss få hjelp av rutebåten. Det var fest ein diger treklamp av eik i bakstammen på isbrytaren. Der kunne rutebåten setja baugen mot når han skuva. «Dei gjekk kvar for seg upp dei isfrie strau-
mane, og so var det å bryta råk med samla kraft på Flåvatn, Kviteseidfjorden, Sundkilen og Bandak», fortalde Rudolf. Sundkilen slutta dei snart å bryte seg fram på. Verste turen Rudolf minnest, var då dei gjekk frå Dalen i is og kulde klokka halv sju om morgonen og kom fyrst til Skien klokka sju morgonen etter.

Det var hengt ut parafinlykter på dobbene i Skarprudstraumen. Så lenge eg kan minnast var det Knut Bukti (Tveit) som hadde det arbeidet. «Me kalla Knut for Lyktemannen», sa Rudolf med ein smil. Det var ein kåsør i radioen som kalla seg Lyktemannen. Seinare, då den elektriske straumen kom, vart parafinlyktene avlegs. Utom Dalen og seinare ogso på Digernes vart det sett opp fyrlykter som blunka både natt og dag nokre år.

Kompass og klokke var einaste hjelperådene som vart bruka til navigering i mørker og skodde. Skipparane på rutebåtane tok ut kurs og tider over

vatni på førehand. I navigasjonsboki etter styrmann Johannes Bjørkeli kan ein lesa der kursen måtte leggjast om og tidene kontrollerast. «Me gjekk med konstant fart so og so mange grader på kompasset», fortalde kaptein John Ståland, «14-15 minuttar frå Bandaksøy til Digernes og deretter 20 minuttar til Gullnes.» Slik navigering var sjølv sagt uråd å bruke for slepebåtane.

I dei fyrste tretti åri etter at båtane kom i fast rute, hadde posten ombord gått som styrmannspost, dvs. at styrmannen hadde ansvaret med fordeling av posten til stoppestadene langs ruta. Nedst på båtbilletten den gongen var jamt trykt: «Breve maae ei medtages». I 1890 vart Bandak Postekspedisjon oppretta. Ekspeditøren vart tilsett av postverket. Dette flytande postkontoret heldt fram til 1957.

Mange kviteseidningar har hatt arbeid ombord på båtane. Nokre har me alt nemnd i stykket, men det var fleire. Dei fleste i mange år. Hans Seland var kaptein på «Inland» etter Berg. Hallvard, bror hans, var ein del på båten. John Kosi var styrmann. Olav Dalen, Hans Kilen og Aslak Haugland frå Fjågesund var dekksmenn, likeeins Nils Nordbø frå Kilen. Ein kan ha gløymt nokon.

Rutebåtane hadde både fyrsteplass og andreplass. I fyrste var det raud plysj på benker og bord og blankpusa lamper under taket. I seinare år hadde dei eigen motor til å laga elektrisk ljøs. Røykjesalongen var oppe med nedgang til fyrste plass. Det var runde, kvite porselenskilt med gullbokstavar over dørene. «Captein» stod det over ei dør, «Styrmann» over ei anna.

I 1912 reiste kongefamilien med båten til Dalen. Nesta dag for dei med bil til Byrte. Somme seier dei var heilt til Haukelid. På heimvegen gjekk dei i land på Spjotsodd 16. august 1912. Dei skulle reise landevegen vidare. På Spjotsoddbryggja var det lagt ut raud løpar.

Kong Oscar II og keisaren av Etiopia og keisaren av Siam reiste også med båten.

På andreplass var trebenker og billegare billetter. Samuel Nordskog skil-
drar ei båtreise på andreplass slik:

*«Å full musikk er det utom døri
der blektar sau og der rautar kjyri
d'er lite mon i ha blanke sko
for dei bli lortute bae to.»*

Rudolf Ruud fortalde at dei som regel ikkje tok med dyr når det var kaldare enn åtte kuldegrader, for båtane var opne så nær som Norsjø. Mannskapet prøvde å dekkje dyri med plagg og ullteppe best dei kunne. Kyr heisa dei ofte ombord i sele for dei hekk rolege, men hestane leidde dei opp landgangen og inn på mellomdekket. Ein hadde aldri hestar i romet

og heisa dei aldri i sele for dei slo. John Ståland hadde fortalt at han prøvde å heise ein fole i Bandakslí. Folen var like sprek i selen og spende ut ruta i skipparlugaren. Grisungar i kasser sette dei ofte inn på andre plass.

Det kom mykje vare med båtane frå Skien. Tørdølane henta varer på bryggjene i Fjågesund og Bergsto. Dei køyrde opp bakkane til Berge og over heii til Grova og heilt til Bostrak. Dei fortel at opptil 32 hestar var med i køyringi.

Frå Smeodden var det lassekøyring opp Kviteseidkleivane og over til Vrådal. Frå Seljord henta dei varene på Kyrkjebøbryggja når ikkje isen hindra, då måtte dei til Spjotsodd. Lassekøyringi er ei lang soge om strev og slit i uføre med dårleg brøytt vegar, om isføre og bare og søylutte vegar.

Ein gong med det var vippebru ved Sundet, skulle ein gut hente varer frå Spjotsodd. Då han kom til brui, vippa dei lemane opp. Guten snudde hesten og køyrde heimatt. «Vegen traut!» sa han då han kom heimatt.

John Skarprud

Segner om kjempekaren Steinar Aase i Brunkeberg

Steinar Aase i Brunkeberg var med i 18 års krigen. Då han kom heimatt var han som omsnudd, seiest det. Det lange hermannslivet hadde gjort han til ei uvyrde av verste slag, men han var snill og hjelpsam både heime og i grannelaget.

Han budde ei tid på Utsond i Kviteseid, men flutte so heim til Guro, mor si, som budde på Aase. Ho hadde kjøpt garden etter Svein Sondreson. Svein hadde slege ihel ein mann i Fjærekilen og reist til Danmark. Steinar blei gift med ei som heitte Maren, dotter av den rike Jørund Juve, og fekk med henne garden Dalan i Seljord. Her budde han ei tid, men flutte so heimatt til Aase. Etter å ha vore gift ei stund, drog han heimanfrå og vart burte i 5 år. I den tida vandra han rundt i Europa, og då han kom heimatt kunne han både lesa og skrive. Mange meinte han var klokare enn sjølv presten.

Steinar var over 2 meter høg, men den svarte gampen hans var so liten at når han reid slong beina hans i marki. Men det sat likevel stor styrke i denne hesten, for han drog mastetre som det skulle to, tre andre hestar til å dra. Folk meinte at Steinar mana Gamle-Erik i gampen når det trongs.

Like etter Steinar kom heim frå krigen reid han mykje gardimillom, og ofte med ei handøks i neven. Ein gong reid han inn i stova på Rugtveit og hogg tri hogg i Bibelen som låg på bordet, og Bibelen låg til synings på Rugtveit lenge etter.

«Han som har Svarteboki kan løyse og binde den vonde, ho er skrive med to slag bokstavar, nokre er raude og andre er svarte. Dei raude løyser og dei svarte bind. Ein gong Steinar skulle ut å reise, baud han tenarane strengt at dei ikkje måtte røre Svarteboki med han var burte. Men han hadde ikkje før kome ut av huset, før dei tok Svarteboki fram og las. No råka det slik at dei kom på den staden som løyser den vonde. Der kan du tru det blei hus, Gamle-Erik kom farande inn døra so gnistane fauk. Tenarane blei vitskræmde og sprang ut på tunet, og alt som i huset var blei kasta etter. Gamle-Erik belja og bar seg slik at det høyrdest lang veg.

Tenarane skreik på Vårherre og flaug for livet. Men då kom Steinar som hadde høyrte livet, og sprang inn i stova og treiv Svarteboki. Det gjekk heile to timar før Steinar fekk bukt med han. Etter dette måtte tenarane sverje på aldri å røre Svarteboki meir.

Trollkjeringane hadde det for vane at dei skrapa eir av kyrkjeklokkene joleftan kl. 12. Steinar stal seg ein gong etter opp i tårnet i Brunkeberg kyrkje for å sjå kva dei dreiv med. Men han var ikkje varsam nok, dei treiv han og hengde han ut gjennom tårnsluggen. Han fridde seg med eit vers av Davids salme, men han måtte lova å ikkje fortelja det til ei levande sjel. Joledagen, då folk var samla på kyrkjebakken, gjekk Steinar burt til ein stor stein, og sa: «Eg skulle ikkje sei noko til ei levande sjel, men no seier eg det til deg, Stein». So fortalde han alt han hadde sett i tårnet.

Å smørje skoene om sundagen var fârleg. Går ein til kyrkje med sundagssmurde sko vil ikkje blodet stoppe om einkvan tek til å blø. Ein mann hadde fenge eit knivstikk, og hadde stort blodtap. Steinar ropa om det var nokon som hadde nysmurde sko. Ei gamal kjering skunda seg fram: «Eg smitta litt på mine i dag tidleg», sa ho. Steinar treiv skoen og gav hesten tri slag med desse ord: «Statt blod og still blod, som kjeringi som sat i Helvete og smudre sine sko i dag». Då stana blodet med ein gong.

Steinar skulle ein gong reise til fjells for å kjøpa smør. Han visste det var fullt av trollkjeringar, og var redd for at dei skulle prakke på han trollkjeringismør. Han gjekk difor i smia tre torsdagskveldar og smia seg ein tollekniv av ni naudsoddar. Denne kniven var slik at om ein skar i Trollkjeringismør, spruta det blod. Då kniven var ferdig, drog han og ein annan kar avstad. Ein kveld kom dei inn til ei kjering som tok godt imot dei og lova dei hus for natti. Ho hadde heller ikkje noko imot å selja dei smør, men ho tykte ho fekk for lite for pundet. Dei skulle sjå på smøret neste dag, og var det eit godt smør kunne ho kanskje få eit par skilling meir, sa dei.



Det var kar, det!

Kjeringi sette fram mat for dei til kvelds, eit stort smørstykke, ost og brød. Steinar tok kniven sin og skrapa i smøret. Då spruta det blod istaden for saltlake, og no visste han kva det tydde.

Då dei hadde ete, skulle dei legge seg. Fylgjesveien til Steinar kledde av seg og hengde kleda på råta. Steinar la seg med kleda på, og straks laga han seg som han sov, han snorka fælt. Då det leid på kom kjeringi ut i sengekammerset og tok til å dra i buksereimane som fylgjesveinen hadde hengt frå seg, og tok til å mjølke desse so mjølka spruta i rynja.

Om morgonen var Steinar tidleg oppe, men fylgjesveinen makta ikkje å reise seg. Kjeringi hadde mjølka margen ut av beina, det vart ingen smørhandel denne gong.

Etter Steinar var død, seiest det at han gjekk att som deildegast i Aasmarki millom Heggveit og Gjelstad. Deildesteinen kasta han i ei tjønn på Gjelstadheia, og det er her Steinar ferdast. Ein høyrer han ofte på ljose dagen huve og skrike.

To menn var ein gong på heia for å fiske i same tjønnna som Steinar hadde kasta deildesteinen. Denne tjønnna er full av tryter. Som dei for på heimveg, såg dei ein stor mann kledd i gamaldagse klede. Han stod å studde seg mot

ein stubbe. Den eine av fiskarane tok til beins det snøggaste han vann, men den andre gjekk nærare. Han såg då tydeleg at det var ein gamal mann kledd i sid kufte, vide rynka knebukser, blå sokkar og store sko. Han hadde ei rund huve på hovudet og ringbelte med tvislirir og knivar. Då skyna han at det var Steinar og tok til sprangs. Han bar på eit stort tryteknippe, men det var ikkje mange att då han kom heim. Han hadde rive sund kleda sine gjennom skogsnari, so det var ynkeleg å sjå mannen.

Harald Oppebøen

Store Steen

Kræmaren Store Steen blei han kalla. Men navnet var Bernt Kristiansen og han var frå Moelv ved Hamar. Det var ein «røse». Han var ikring ein meter og nitti rundt livet, og omlag to meter høg, so det var litt av ein kjempe. Han ruvde virkeleg i terrenget.

«Ruta» honoms var: Kviteseid gard, Strauman, Vrådal, Vråliosen og ut i Nissedal og Tørdal. På Kviteseid gard, og heime på Nordskog kunne han taka seg god tid, og vera upp til fleire dagar. Men det var ikkje alle plassane han var innom. Var det nokon som hadde fornærma han, gjekk han beint forbi. Han var kræsen på kundane sine. Ein gong om vinteren, var han heime på Nordskog ei heil vike. Han var med i skogen og la saman timmer. Det var omtrent som du hadde med ein hest. Han drog saman stokkan og la dei i rullur, so svetten rauk aven!

Steen var flink til å fortelje, han læe vel «litt på» og sette venavn på folk. Slik som «Muspipen», det var ein som var i målskjifte. Ein stad kalla han og «Armodskroken».

Han fortalde uhyggelege historiar frå stader han hadde vore. «Eg var», og so fortalde han om staden «som jeg ikkje vil nevne – der var det løssagte jenter. Jeg var bak uthuset. Der så jeg mange hauger. Det var nok jentene der det, som hadde begravet fostrene sine. Det var mest som en liten kirkegård». Han var raus i ordlaget!

Det han hadde i den store veska si, var litt av kvart: Barberknivar og barberblad. Han strauk dei eitpar gonger i loven, og drog eitpar hår av nakkehåret og kutta dei av, blonka, og sa liksom «Der ser du! Kvass kniv!». Men han hadde og ei masse andre ting som snelletråd, ekte bukketråd, parfyme, såpe, bordknivar og gaflar og ekte sylvplett! Var det noko som vart spurd etter, som han ikkje hadde, sa han «utsolgt». Når han var heime og nokon skulle til Kviteseidbyen, sa han: «Kjøp et par pengelodd for mei». Han lika godt å spila, såg det ut for. Eg kom til å sjå ein lapp frå grosserar Kilen i

Drammen. Der stod «Mere varer, mindre lodd, Kilen!» Steen kom til Straumen i slutten av 20-åri, trur eg, og var ein fast jest til ut i 60 åri. Eg hugsar siste gongen han var heime. Me sat endå under tontreet. Det var sol og sumar og me drakk kaffe. Steen var der og, med skreppa si. Då kom «Åmoten». Han var frå Lårdal. Då seie Steen: «Jasså, kommer der en fant?» «Ja», sa Åmoten, «og ein endå større fant er fyri meg». Dette tolde ikkje Steen. Han ville ikkje kallast for fant. Han pakka saman varone sine og sa farvel. Det var siste gongen han var heime. Me såg han aldri att.

Etter det eg har høyrte døydde han på Aldersheimen i Drangedal i slutten av seksti åri - i ei sinnalone!!

Men minne honoms vil vara lenge.

Arne Nordskog

Båten

Til bryggja i Kviteseid der kom det ein båt
kvar einaste morgon og kveld.
Og han hadde master og pipe med låt
så det svara i lier og fjell.

Der kjem båten, gamle båten
kast frå deg arbeidet og spring!
Der kjem båten, gamle båten,
dinge- dinge- dinge- dinge- ding.

Så lossa dei kasser og sekkar og spann
og vinsjen han dura og kvein.
Og Olav med postsett på ryggen sin sprang,
han mått' ikkje vera for sein.

Det var feststund på bryggja for store og små,
det var røing og prat utan ende.
Men så ringde kapteinen og båten la frå
og vinka det vart til dei kjende.


På båten det for både fint folk og fant,
for alle lyt ut må du tru,
men skilde dei vart til kvar sin kant.
Det er skilnad på folk – hutti tu!

Han Olav og Svein sat med pipe og skrå
på andre plass på benker av tre.
Men grossisten hr. Olsen og turisten hr. Grå
sat på fyrste med ølet glei ned.

Og båten han sigla i dagar og år
laga bru mellom bygder og by.
Men no er det slutt og med bilar det går
så eksosrøyken stend som ei sky.

Der for båten, gamle båten
far ned på bryggja, far stillt.
Der for båten, gamle båten
og dette var inderleg trist.

Omskrive av TJS



Telemarken



Tussane kjem til Tarbjønn i hytta hans.

Baklitullen

Bakliane heiter det ein stad i Kileskogane.

Ein gong for lenge sidan livde det ein mann som heitte Tarbjønn Lambrett. Han hadde bygd seg ei hytte ein stad i Bakliane og låg der og brende tjørø. Ein varm og fin somardag låg han og kvilde i hytta si midt på dagen. Best han låg der, hørde han so dårande ven ein låt. Det var både lokking og bjøllelåt og innimillom klunk på felestrenger og felespil og fuglekvitter.

Han blei so opp i under at han kikka ut. Best det var kom det ei buferd fram mot hytta. So ven ei buferd hadde han aldri sett før. Det var alle litir og lag på kjerne. Fyrst gjekk ei raudsidut og fyri ho gjekk ein mann med fele og spela ein rallande gangar. Alle kjerne hadde bjøllur, men bjølleklavane var sveivde upp ned so dei skulle ikkje låte.

Ei jente gjekk etter og sank og ei anna gjekk innimillom kjerne og styrde. Båe jentune gjekk med utslege hår. Det var ljosegult og so langt at dei tottest draga det. Då alle hadde kome fram til hytta, stansa dei. Den eine jenta sette seg på dynnestokken og hi på ein benk framfyri brisken der Tarbjønn låg. Då sa den jenta som sat på dynnestokken til den andre: «Eg synest du tukkar deg so nere ungkaren, eg, Svanhild?» Då klemde Svanhild i med ein lått og flaug bort i sengi og kyste Tarbjønn.

«Det var sant», sa Tarbjønn seinare. «Men det var ingen god kyss», la han til. «Det kjendes plent som det blei lagt ein halvkall grautbite på munnen min!» Men slåtten minnest han. Den låg i øyro hans i alle dagar seinare. «Det var ein fin gangar. Gamle Aslak Austenå lærde gangaren av meg. Eg hørde Aslak spela han mange gonger. Slåtten heiter Baklitullen!»

Uppskrive i 1918 av Johannes Skarprud

Segner frå Åsgrend

Det hende ofte at det i ymse bygder var folk som var «synske» eller vise. Dei såg ting som ha kome burt og kvar dei var å finne att. Like eins um hende som ville koma. Den mest kjende på 1800 talet, var Spå-Eilev frå Sauherad. Han var ein som kunne litt av kvart. Spå-Eilev var i andre bygdar og farta. Ein gong kom han til Ramberg, grannegarden til Heggveit. Det var på den tid at lensmann Steinar Heggveit budde der. Han ha nett kosta seg upp ein gild stogebygning. Han kom burt til Ramberg då Eilev var der. Steinar kjende Spå-Eilev og spurde um han ikkje ha bygd seg ei gild stoge uppatt. «Jau, de æ a de», sa Eilev, «men den raude hanen kjem no til gala yver likevel». Og so gjekk det. Ikkje lenge etter brann stoga, slik Eilev hadde sagt. Det var på same tid han var innom på Hesteskodike. Der var dei som ville halda moro med honom. Då «vildra» han synet på dei, slik at dei såg ein hane som gjekk på tonet og drog etter seg ein stokk. Men det var berre eit halmstrå som hekk i foten hans.

Ei kjerring som ville hava litt moro med Spå-Eilev, fekk like for det ho og. Ho syntes at ho stod i bare vatn med ho gjekk burt yver tonet, lyfte stakken sin då vatnet auka på. Det var ho som blei til lått og moro for dei som såg på.

Slik gjeng det segner um han andre stader au.

Tron Ramskeid var snikkar og timremann. Han budde på Ramskei, under Heggveit. Han skulle ha vore med på å bygge den gamle tingstoga på Heggveit i 1755. Han skulde og vera synsk fortalde dei.

Ein gong han låg på ein krakk og kvilde, spratt han upp. «Au, no druknar det visst ein mann i fjøllbygdane!» sa han. Um eit bel reis han uppatt, etter å ha lege ei stund. «Å nei, no vart han visst berga. Dei rok ut til han ein staur og fekk draga mannen til seg.» Det var som Tron ha sagt. Ein mann ha gjenge oppyver til ein staule og dotte i ei å der. Mannen fortalde det ha hendt som Tron ha sagt.

Jørgen Heggveit



Spjotsoddferja omkring 1910.

Spjotsoddsundet og ferjingane der

Bandakvassdraget var frå eldste tider vegen ut til kysten og verden både somar og vinter. Om somaren med pråm og om vinteren med hest og slede. Men på same tid var sundet ei stengle for dei som skulle over. Ingen kunne frakte med seg pråm for å ro. Det måtte ein fastbuande til det. Det var to ferjesteder. Ein over ved Spjotsodd og ein over frå Nese til Drammen. Då det var ferdig vippebru med Sundet i 1862 fall denne ferjinga bort.

Det var bonden på Nese som styrde med ferjinga både stadene, men sjølv ferja han nok aldri. Den enklaste måten å ordne ferjinga for han var å ordna med ferjemann som budde på Spjotsodd. Ein husmann. Plassen var dårleg, men det fall litt pengar på mannen. Og då so.

Det var bare ferjing om somaren. Når isen la seg utpå hausten var det slutt. Då la dei flytebru litt lenger mot Strauman der det var smalast. Odden

der brui gjekk ut frå, heiter Bruenden den dag i dag. Flytebrui var laga av tømmerstokkar på langs oppå og stokkar på tvert under. Ei slik bru bar både mann og hest og lass, men det hende nokon kunne bli våte på beini.

Dei fyrste ferjene var små og runde i botnen og måtte roast. Store husdyr måtte symje. Med ei slik ferjing var det uråd å få med mange menneske til messe eller til gravferd. Det kunne vera mange hestar med i ei gravferd eller til messe. Dei aller fleste måtte stå att på Spjotsodd. Ikkje noko rart i at sokneprest Landstad klaga til heradstyret og kom med framlegg til ei enklare ordning. Kommunestyret fann ikkje å kunne gå med på den ordninga.

Folk som kom frå Vrådalkanten eller lenger vest frå, måtte rope etter ferjemann. Det tok som regel meire tid, då visst om nettene om ferjemannen sov. Det var langt frå moro å stå å gaule i mørker, regn og vind. Stadene dei ropa frå, fekk namn etter staden og hev namni endå. I eldre tider måtte alle betale for seg. Dei einaste som slapp, var embetsfolka. Trafikken auka på, ikkje bare for bygdefolk, men for bygdene rundt. I 1885 vedtok heradstyret at bygdefolk skulle gå fritt på ferja. Utanbygdes måtte betale.

Under sak 30 i 1885 vedtok heradstyret dette:

«Chr. Blom var tilstede og erklærde sig villig for et årlig bidrag af kr. 200,- af herredskassen, og av udenbygdsboende for en person 10 øre, en kjærre 10 øre, en hest, en ko, eller 6 får, samt varer indtil 288 kg – 20 øre». Herredstyrelsen bevilget enstemmigt de forlangte kr. 200,- udredet af Herredskassen og anbefalte forøvrigt Chr. Bloms tilbud til antagelse. Overenskomsten gjælder for det første indtil udgangen af indeværende år og derefter med 6 mnd. opsigelse fra en af siderne. Chr. Blom fikk i samme møde rett til udskjænke øl og vin til reisende og faste gjæster på Spjotsodd med den indskrænkning som følger av 3. die passus i paragraf 3 i den gjældende lov om udskjænkning og udsalg af øl og vin m.v. på landet».

Året etter er saka oppe på ny. Det vert valde to mann til tinge med Blom om kaup av Spjotsodd og overtaking av ferjingi. Dersom det ikkje lukkast, skal dei vurdere kaup av Spjotsodd og overtaking av ferjinga. Lukkast ikkje det, skal dei røkje etter om det er skikka tomt å få på ei av sidene til bustad for ferjemannen. Utpå hausten s.å. melder nemndi frå at dei gjeng inn for kaup av Spjotsodd, men då dei ikkje hadde mandat til gjeva meir enn 2.300 kroner, stranda dette og Blom sel Spjotsodd til Lars Larsen frå Värmland i 1887 for 2.900 kroner. Blom melder straks etter at den nye eigaren kan taka ferjinga for 300 kroner pr. år. Etter tingingar gjeng han ned til 200 kroner under fyrisetnad av å få kontrakt og skjenkerett i 5 år. Nemndi får so i oppdrag å undersøkje tomtespørsmålet, eventuelt ekspropiasjon. Det endar med kontrakt på 3 år.

Husi på Spjotsodd var skrale og Larsen dryger ikkje lenge før han set

opp ny, stor stogebygning med god plass til servering. Den gamle husmanns-stoga vøler han på og brukar til landhandel.

Serveringa og salet av alkohol vekte etter kvart sterkare og sterkare motbør. Det blei klaga til kommunestyret, men dei hadde ikkje stort dei kunne gjera. Fråhaldslaget som blei skipa i 1905, tok sterkare fatt og fekk lensmannen med seg. Likevel drog det ut, fyrst i 1914 kom det melding om at Spjotsodd hadde ingen rett til sal av alkohol eller servering. Salet slutta frå 1. januar 1915.

Den ferja Larsen d.y. overtok, kunne taka med to små personbilar i gongen. Den aukande trafikken, serleg av bilar, gjorde at det måtte ny og større ferje til. Larsen bygde då ei som kunne ta 4-5 personbilar. Trafikken bare auka på. Det blei slitsamt å draga den nye store ferja. Dei var to til skiftast, men likevel var det tungt. Då fann dei på å feste motorbåt inntil ferja, og bensinen overtok meste slitet. Det blei meir og meir trong etter bru og kommunestyret er frampå gong etter gong. Straks fyri krigen ser det endeleg ut som det kunne bli alvor av bygginga, men nei. Under krigen blir det kravt enkel bru på stolpar og lekterar. Arbeidet med den brui drog ut – av sabotasje, sa dei. Då krigen var slutt var brui køyrbar. Arbeidet for å få ei skikkeleg bru heldt fram og i 1963 var den nye brua ferdig.

T.J.S.

Husmannsplassar i Vrådal

Innleiding

Tradisjonen vil vite at den eldste busetnaden i Vrådal var øvst oppe i liane, på stader som seinare vart heimestøylar og slåttor. Det var jakt og fiske som folk levde av då og nede i dalen var skogen so stor og grov at dei hadde ikkje reidskap anten til rydde eller verje seg mot alle rovdyra som her hadde sitt rike.

Men etterkvart som dei tok til med husdyrhald, flutte dei ned i dalen der vilkåra for jordbruksdrift var betre.

Men storskogen på moane i Vrådal, over Kviteseidheia og utover til Nissedal gjekk det lenge gjetord om. Det kan me lese om i mange gamle skrifter. Dette kom seg av at Nidarå-vassdraget var so styggt og vanskeleg at tømmeromsetnaden kom seint i gang og var svert liten i lange tider.

Det var på gardane folk budde i den eldste tida, der hovdingen eller hus-

bonden hadde ein stor huslyd, men og ein stor flokk med arbeidsfolk kring seg både i same huset og elles i andre hus på garden som vart bygde etter-som det trongst. Det var ei mengde hus til ymse formål samla om dei gamle tun.

Det var ikkje mange gardane i Vrådal i gamal tid. So seint som i 1624 var det berre 12 gardar etter skattematrikkelen. Hundre år seinare var talet auka til 17, helst fordi nokre av dei større gardane da var dela. Fyrst kring 1650 kjem det smått om senn fram einskilde plassar.

Farsotter og sjukdom herja i blant og mange kvinner døyde i «barsel-seng», for ikkje å snakke om alle småborna som strauk med i den tid. Men største skår i folkeauken gjorde nok Svartedauden som jamvel lagde mange buplassar øyde. (1349/50.)

Men på 1700-talet tek det til auke på og so kjem reine folkeeksplosjonen på 1800-talet med sterk garddeling og bortfesting av ei mengd husmannsplassar og Amerikafeber som resultat.

I folketeljinga 1801 er det 17 gardar og 30 husmannsplassar og største auken i husmannsplassar kjem frametter hundraåret.

Den gamle busetnaden

som det gjeng segner om, skulde som sagt vera oppunder i dalar som me i dag reknar for heiar. Soleis i Kråkenesheia, Byggstøylområdet, rundt Stor-Naper, i Hægeland-Dale-Sinnes og Lønnegravs-heiane.

Der budde folk på Molandshommen og Mydalen (u/Kråkenes). Den siste som budde å Mydalen heite Håvard. Det var fæl veg frå Mydalen op til «Høvet». Smal og kronglut over myrbløytar og søyledikke, so når nokon var død måtte dei bera båra opp på høgda. Like oppunder sjløve åsryggen «Høvet» ligg ein avlang, flat stein, der sette dei kista frå seg til dei fekk hente hest og køyre han til bygdars. Denne steinen vart kalla «Håvardssteinen», men i seinare tid gjerne kalla «Liksteinen». Her over Mydalshøvet og Mydalen gjekk og den gamle ferdslavegen til Heddersvik, Horgevik og Grimedalen. Det var store skogar i Hedders- og Horgeviki og mykje trafikk av hestar og folk heilt fram til siste krig.

Byggstøyl i Øvre Vrådal er ein gamal gard, solrik og lagleg for å få moge og fint bygg som dei sette so pris på i gamal tid.

I heile dette området, nedantil og nordover i heii skulde vera mange buplassar i gamal tid. På Hauge skulde jamvel vera kyrkjestad.

I eit gamalt skrift finnst garden «Fjalle» som seinare kjem heilt bort. Men oppe i heii her ligg Stølen Fjellet som no høyrer Folsæ-eigedom til. Det

er ikkje utruleg at me her hev Fjalle og hev vel då helst høyrte Hægeland til. B. Taraldlien nevner ei gamal segn at venaste gjenta i Fyresdal i si tid var fødd på heigarden Fjødli. Det er no mykje som tyder på langt andre eigesomsgrenser- og grenser mot Fyresdal og Mo i eldre tid. Men at det hev vore mykje hopehav i denne store kringen om Vråliosen, om Byggstøyl, Stor-Naper, Vråli, Hægeland.

Hægeland treffer ein på rett som det er om hov og kultus frå hedenold. Og oppe i heia finn ein merke etter ei heil grend kring Paradis og Uppbrand, der kyrkja stod. Vehus var prestegard og Veirhommen klokkargard. På Ormetveiteigedomen er merke etter garden Åmter der Høitokyrkja stod, navn etter Høitofjellet bakanfor. Ogso her med mange nedlagde plassar. På Åmter stod gudehov vigd til Tor, men då kristendomen kom var den rive og kyrkja bygd på same tufti. Det synest vera ein regel som gieng att, at når eit hov vart rive, kom der ei kyrkje i staden. Det var vel enkle, sokalla «lovekyrkjer» og på den måten fekk dei greidt markere at dei hadde gienge over til den nye trua.

I Dale- og Sinnesheii skulde vera mange buplassar, og busetnad langs Ånevatn, på Ånevasstøylen, Nivelking og Hovden. Me tek med ei soge frå dette området.

Etter Svartedauden var det att berre ein gamal mann på Aanevasstøylen og ein på Digernes. Dei rekna seg for grannar og følte nok på einsemda. Men so kom dei på at dei skulde vera saman om jolekveldane og skiftevis vitje kvarandre. Men so hadde bae gløymt kven dei var hjå sist, so bae tok ut tidleg på morgonen for å vitje kvarandre. Men dei møttest i Gråndalen (i Daleheii) ved ein stor snøberr flekk, der jorda ikkje var frosen i vid omkrins. Noko slikt hadde dei ikkje sett før, so dei var samde om at her var «Verdens Ende», som staden vart heitane. Sume hev sagt at dei trudde at no var det ende på verda. (Oppskrive etter Lars G. Sinnes f. 1902. Lauvik 47 b.)

Men den snøfrie flekken er eit stort, sokalla «tie-hol» som er der den dag i dag.

Ved utløpet av Ljosvatn var det dam som det enno er merke etter. Her er Kvennhusdammen, Kvennhusbekken og Kvennhusmyrane. Det er fortalt at her stod eit kvennhus der dei mol korn. At dei avla korn heroppe høyrer utruleg ut, men Lars Sinnes fortel at dei hadde rugkasir her bl.a. i Listøylkasine. Det gieng og ord om at dei mol korn frå gardane heroppe for å sleppe noko at dei store skattane som etterkvart var pålagde og som futane dreiv inn.

Det kunde nok og vera for å utnytte kvennvatnet i åi betre, for det varde gjerne berre ei kort tid når det var flaum. Bae Sinnesgardane hadde sitt eige kvennhus i same bekken, nede ved gardane. Segni fortel og at det var tri

gardar i Vrådal som hadde ekstraskatt fordi dei hadde so årsikre og gode åkrar til bygg. Det var ein åker på Hægeland, Bringa-åkeren på Nedre Sinnes og Bratt-Åker på Lønnegrav. Men dette må vel kome seg av at dei kom under kyrkja.

I Lønnegravsheii hev me og støylar, som det skal ha butt folk på: Aahommen, Berstøyl, Ekerstøyl og ved Honlivatnet: Honli og Vrålsli. Ellers er det ei mengd plassar i Vrådal som hev vore busette i kortare tid og som no er borte, men som me hev nokre sikre opplysningar om.

Tor O. Sanden

Sprede notat frå ein gamal huspostill

Det fyrste notatet er gjort i det Herrens år 1662 der Steener Tordsen gjer kjent at hans dotter Dorte er fødd på Nordgarden i Seljord.

Det er tydeleg at det fyrste bladet i huspostillen på Fjågesund har blitt borte i løpet av dei ca. 350 år som boka har eksistert. Før nemnde Dorte var nemleg nr. 5 i ein barneflokk på 13, so dei 3 som var før henne var sikkert oppført på det førre bladet. Dei var alle saman jenter, og var sopass ettertrakta at dei havna som kjeringar på Heggteit og Moen i Kviteseid, på Verpe i Lunde og på Vistad i Mo eller Tokke. Medan Dorte kom til Bjåland. Av dei to andre systane kom ei til Borgja i Bø, og den siste til Midtsundætt på Natadal i Seljord.

Det var tri gutar i syskenflokk, men det er bare to av dei ein høyrer meir om, og det er Tor og Gunnar, eller Gunder som han vert kalla.

I postillen skreiv Tor at han er født anno 1665 på Nordgaarden i Sillejord. Han skriv ogso: Anno 1684 den 1 july stod mitt brøllup i Fjågesind, og vidare: Anno 1663 den 30. desember er min quinde Aslaug Halvorsdatter fød på Borgen i Bøherred.

Dette ekteparet buddet dei fyrste 10 åra på Nordbø i Bø som Aslaug sikkert hadde fått i medgift av sin mektige far. I 1694 den 16. skriv han at han kom til Fjågesund for å bu, og føyar til: Gud give oss lykke og velsignelse for Jesu Christi Skyld.

Same året vart den opprinnelege eigedomen som strekte frå Flogåi utan-

for Groa til og med Vigdeil dela i to mellom Tor og Gunnar, og fekk nemninga Fjågesund Nordre og Søndre med minst 25.000 da. på kvar. Kona til Gunnar, Karen Tykesdotter Tveit frå Drangedal hadde, i likhet med svigerinna si ogso fått ei dugeleg medgift, heile eigedomen Snøås. Men Gunnar døydde bare tri år etter han vart gift og etterlet to døtrar som i si tid vart gift med kvar sin bror frå Øy. Og det vart seinare sonesonen Hunder Hanssen Øen som overtok Fjågesund Søndre.

Tor og Aslaug hadde i alt 14 born. Av desse voks 8 opp og 5 av jentene vart gifte rundt om i nabobygdene. Av brørne arva Steinar garden, medan Halvor kom til Klomset i Seljord, og Gunnar kom til Brenne i Bø.

I sin tur skriv denne Steinar i postillen, etter å ha presentert seg sjøl på behørig måte: Anno 1712 i juli måned stod mitt bryllup med min quinde Birgitte Taraldsdatter og stod vårt bryllup på Fjågesund gaard i Hvidesøe Præstegield. Vidare står det: Anno 1692 i juli måned er min quinde Birgit Taraldsdatter fød til denne syndige verden og er fød på Lundevald gaard i Hvidsøe Præstegield og var hennes far den danne mann Taral Sovesen og hennes moder den danne quinde Gunild Olsdatter.

Desse hadde åtte born. Seks av dei voks opp, og det var ei av jentene i denne flokken som rodde fjordan utover til Lunde saman med mannen sin, og som det er skrive om i eit tidlegare stykke.

Den eldste av gutane, Tor, overtok garden, og han skreiv m.a. i Postillen: Anno 1747 i september stod mit bryllup på Fjågesund med min quinde Sigrid Hansdatter, hennes far var den danne mann Hans Jørgensen Øen og hennes moder var den danne quinde Anne Gunnarsdatter Øen. Deretter skriv han: anno 1726 in majus er min quinde Sigrid Hansdatter fød til denne syndige verden på Øen gaard i Vraadal.

Tor og Sigrid var also trimenningar. Apropos slekskap so ser ein stadig i ættesoga at dei etter nokre generasjonar gifter seg inn att i same slekta. Dette kann vel ha med tilhøyrigheten til slekta å gjera, og som i enkelte tilfelle kann utvikle seg til det me kallar ein klan.

Men dette ekteskapet kom til å oppleve ein ubeskriveleg tragedie i form av sjukdom og død. Om den fyrstefødte skriv Tor: Anno 1749 i juni er min datter Aslaug Torsdatter fød og bekom den hellige daab i Guds Hus og levde 18 uker og så døde.

Dei hadde i alt fem born. Av desse var tri gutar som døde i ung alder. Den som levde lengst vart 21 år.

I postillen står det vidare: Anno 1751 in Majus er min datter Anne Torsdatter fød til denne verden på Fjågesund. Her har han also sløyfa ordet «syndige» slik han ogso har gjort ved neste barn som vart født, odelsguten Steinar som døde liten.

Anne var den einaste som kom til å føre slekta vidare. Ho var 19 år gamal

då ho vart gift med Torbjørn Uppsund, og dei fekk to born saman før ho ogso døde i ein alder av 23 år, og same året døde mor hennes.

Det siste notatet om denne slekta i postillen er i 1763 då sonen Halvor vart født. Denne gongen har han atter brukt uttrykket «til denne syndige verden».

Ein må tru at Tor på sine eldre dagar var ein nedbroten og sorgtung mann sjøl om han nok fann trøyst i eit nytt giftemål med ein nær slektning som var enke og noko til års komen. Han vart bare 64 år og bare yngste sonen, Hans overlevde han med tri år.

I postillen er dei i seinare år ført inn avskrift av nokre eldgamle dokument om garden og visse tilhøve i den tid som gjev ny kjennskap til historien. Trass i at det vekkjer stor ergrelse hos enkelte som mislikar skrivi om gardar og alt dets vesen, tek me likevel med utdrag av ei rettssak frå 1547.

Den 25. januar dette året var både prest og lensmann frå Drangedal på garden. Ein får helst inntrykk av at dei på ein måte var meglingsmenn i ei arvesak etter nyleg avlidne Kjetil Nerisen Fjågesund. Dei skriv slik: Stener Tveit, bonde i Tørdal og Sæmund fra samme sted var hos Kjetil i Fjågesund da han lå på sotteseng, han talte således: Min broder Gunnar bør sitte på gården efter mig om det skulde tilstøte noget. Han døde så kort tid senere, og Gud glæder nu hans sjel sammen med alle andre kristne sjeler.

Gården Fjågesund er på 8 markbol. Den kone som Tollef Hyrdstveit har, hun eiet (NB!) en mann før som het Neri og de satt begge på Fjågesund, hun hadde giftet sig inn i familien der. Så døde Neri og hun arvet da halvparten i Fjågesund med disse 4 sønnene sine. – Så lot moderen den eldste broderen Ketil sitte på gården hele sin livstid, hvilket han også gjorde.

Efter at Ketil var død giftet hans kone sig igjen med en gut som het Helge, sønn til Sveinung Ryen i Heddal . . .

Her er det at den gode prest ikkje kann halde seg for å uttrykke si hjartans meining på ein finurleg måte med hjelp av latin. Ein må hugse på at dette skjedde på ei tid før reformasjonen, og då prestane lira av seg lange messer på latin som ålmugen vel mest ikkje forstod noko av. Dette benytta han seg av då han i ein parentes i dokumentet føya til på dette gamle romerske språket: (Man må overveie om det er sagt sterkt nok at sønnen i likhet med faderen er en kjeltring). Vidare står det i dokumentet: Nu vil denne Helge sitte på gården til tross for Gunnar, trenge sig inn der med makt og uten lovlig rett og dom. (Mon dette er rett og riktig). Da ber vi kristelig for Guds skyld og for vår bønns skyld vår kjære herr lagmann om De vil gjøre som en hederlig mann og hjelpe Gunnar Nerisen så at han kann få sin rett efter som våre lover synes å være. Til desto større bekræf-

telse på vår bevidnelse og bønn setter vi vårt insegl nede på dette brevet.
Paulus dag efter kristi fødsel 1547.

Til slutt kjem han med denne merknad: (Tag ikke anstøt av skriverens avvikelser for han skalv på hånden).

Det ligg vel nær å tru at det var affekt på grunn av saka som var årsak til ein slik kommentar.

Men det ser ut til at denne kjeltringen Helge har blitt buande på garden, for 30 år seinare var det skifte etter Tarjer Taralbsdatter, ho som før eigde den mannen som heitte Neri. Lagrettmennene var her innkalla, for den eine part av Gunnar Fjågesund, og for den andres part av Helge Ryen på hans stesønns vegne, Gunleik Kjetilsen. Og ein må seie at Tarjer hadde site med mykje eigedom etter dei to mennene ho hadde eigd. Heile 15 tunner land hadde ho, og dette var fordela på gardar og gardpartar i fleire prestegjeld, heilt bort til Ryen og Tinne i Heddal.

I dette skiftet opptre Helge på vegne av stesonen sin Gunleik Kjetilsøn, so det ser ikkje ut til at han har fått arvingar etter seg. Og all den tid dette namnet ikkje lenger har vore i bruk, må ein gå ut frå at han vandra ut av historien på ein meir stillfarande måte enn han kom inn, utan å setja spor etter seg.

Derimot er det namna Steinar, Tor og Gunnar som går som ein raud tråd frå våre dagar og attover til tida kring svartedauden. Då høyrer ein fyrste gongen om Steinar, eller Steener som det vert skrive, i ei grensesak med Grjotgard som eg vil kalla namnebroren hans avdi grjot er det gamalnorske ordet for stein. For den saks skuld kann det godt tenkjast at desse hardhausane var nære frender. Men dette er ting som kann gjeva mykje grunn til fundering over det som rørde seg i denne tida og som var byrjinga til det me kallar dansketida. Og denne førde med seg so mykje nytt i skriftspråk og skrivemåtar, i motar og namnemotar at me ikkje kann gjeva oss i kast med det her, so me får heller seie som diktaren: Det er ein annan historie.

Torjus Fjågesund

Var det tussar i gamle dagar?

Helge Rue i Ordal var ein framifrå forteljar og hadde eit uvanleg godt minne. Når ho fortalde frå gamle dagar blei det levande, ein måtte høyre på, jamvel om ein ikkje ville. Det var makt i forteljningi hennars.

Ein gong fortalde ho dette: «Myklestaulen i Morgedalheii høyrer og

høyrde til Haugan i nordre Morgedal. Det var ein god staule og det var godt beite i liane rundt. I gamle dagar «sat» dei på staulane. Sjølv staulen blei ikkje beitt. Den skulle slåast og høyet køyrast heim på vetterføre.

Ikkje langt frå Myklestaul, ligg Røtu-nuten. Som namnet seier, rasa det ofte stein, både store og små. Det v ar tussane som løyste ut raset, sa folk. Bråket høyrdest lang veg. Ein gong bråka det so tallerkar og koppar ramla frå hylla og ned på bordet. Men var tussane i godlag, spela dei fele og song so gjætarane høyrde det langt av garde. Ein gong såg dei ei ung jente med langt, ljost hår. Gjæslejentene trudde ho leita etter kyrne sine, men brått var ho borte. Plent som sokken i jordi.

«Då syster til bestemor mi gjætte bort mot Røtunuten, såg ho ein kolsvart kalv inni holti», fortalde Helfa. «Noko rart var det!» la ho til.

«Bestefar til Knut Jensen heitte Aslak.» fortalde Helga som hadde kome på rallen. Aslak budde på Nystaul. Seint ein kveld kom ein gutonge og ba om å få låne hesten honoms om nåtti. «Hot vi du med hest om nåtti?» spurde Aslak. «Jau» sa gutonjen, «eg skulle ha hesten med til bryllaupet,» sa han. «Det skø bjønde i Grønlinuten og ende i Rupestaulnuten. Hesten skø du få att i morgen tidleg, like god!» sa gutongen. «Gud bevare meg for det!» sa Aslak. Då kvarv gutonjen som sokken i jordi.

Denne saga er eldgamal

Steinar heitte bonden på Skarprud fyrst på 1700 talet. Han hadde ein hest han heldt so gjæv. Hesten var både snill og sterk og god på alle måtar. Om somrane gjekk han ofte i Kleivdal på beite. Kleivdal ligg ende ovom garden.

Ein solvarm og drivande høyturkedag, gjekk Steinar upp til Kleivdal og ville hente hesten for å køyre inn turhøyet. På Kleivdalskotet stogga Steinar og såg. Han fekk straks auga på hesten på andre sida av bekken. Med Steinar stod og såg, gådde han ikkje åt før det stod ein liten gråkledd mann med raud topplove og klappa hesten. Steinar skjøna straks at det måtte vera ein tusse. Best det var tok tussen fram ein liten hamar, lyfte eine hestefoten og banka på hestekoene med hamaren. Det same gjorde han med dei andre føtene også. Det såg plent ut som tussen kontrollera det som var gjort. So klappa han hesten enno ein gong – og borte var han.

Dei kunne få sagt det!

Anners Jersond på Kallák á Eilev va lissom ikkje på talefot i fleir ár.

Anners for mykje att á fram millom Kallák á Odden. Eilev budde i stogo si på Drangeland. Anners va heller liten, á om veten jekk han som regel i ei si vinnjakke. Ein dag om veten skulle eg treffe Anners á jekk ne-ivi. Nede ve stogo på Drangeland sto Eilef uttafor. Eg stansa á spurde: «He du sett om Anners he fare te Kallák i dag, Eilev?» Han sto lissom litt fyri han svara: «Nei! – Men her for ei vinnjakke mæ et par gummistevlar onder, fe ein beite sea!»

Under andre verdskrijen va tobakknaui stor, særleg blant eldre, garva nikotinslavar. De blei bare selt små mengdur tobakk på rasjoneringskort.

Olav Fossjor va ein dag i landhandelen hjå Aslak på Uti-Haugan, og va svært nefor. Tobakken ha teke slutt á rasjoneringskorte hånoms va oppbruka.

Då kom Olav Haugann frå norbygdi. Han oppfatta fort tilstanden, á let Fossjorden få litt av tobakkkortet sitt, for sjav va han ikkje so avhengig av tobakk.

Fossjoren sa då desse fyndori: «De va fint jort. Den som giver av en rund hånd skal intet fattes – stend det i ei bok eg heve!»

Om våren når lauparkattan bjøndar re farte garimillom og remje á slåss mæ einannan, då ha Aslak Donstad mykje á fortelje. Han studera stemmebruket deira når to hankattar sat á remja fyri dei rauk i hop á slåss.

Ein gong fortálde han: «De æ foronderleg so mange slags låtar dei dyri tiss få te om våren når dei flyg rundt på garan. I jár va to hankattar mæ kjetta heime. Dei heldt te onde veslebur, á laga reine konserten ei beite. Eg sto á hørde på di – á den eine toss heiltupp sönje, farr! Eg hørde jamvel at de va sama tonen som dei sönj so mykje på bedehuset: Jupt i mi bringe eg kjenner ei lengting!!!»

Jonsborgvisa

Uppunder Midtsundfjölle der ligg so ven ein gard,
so varmt innunder helle med berg og bratte skar.
Her susar sumarvinden i grån og bjørkeskog
og strie fossar durar utivi ville flog.

Der renn ein bekk frå Purrom og ein frå Nystauldal,
dei fløymer ned i uri blant stein forutta tal.
Men Hovstaulbekken brusar ned ivi stein og sand
og strøymer inn i fjorden heiltbort til Sundkilstrand.

Der ende ned for stogo ligg flate Dansarstein.
Her dansa Jonsbergungan på sine spreke bein.
Steinen ramla ned frå nuten ein gong i forne tid.
Hos lengje det er sea veit ingjá menneske.

I sudkanten av jordet gjeng vegen ned frå hei.
Der hev so mangein fare med hest og sledamei.
Dei kalve vetterdagan med timmerlassi på
ned bratte Hovstaulbakkan der alle vreste må.

Her gjæve mennar budde og braut upp stuv og jord
og steinen bort dei rudde forutta minebör.
Dei store røysan syner hoss her er hangje i.
Det er eit lysande minne om husmanns kamp og stri.

Halvor K. Sandland
1948



Etter å ha tent bygda i 141 år, skulle ein kanskje tru at ein vart mosegrodd?

VI TRUR IKKJE DET...

Nå som før – ein moderne bank

**SPAREBANKEN SØR
KVITeseid**

Filialar: Vrådal – Morgedal – Vrålosen



*Er det snakk om bøker, enten til skulebruk
eller rett og slett kos i godstolen,
så tak kontakt med den lokale bokhandel.*

*Vi har eit godt utval i leiker
til både små og store.*

Du finn oss på Mylletorget!



***Kviteseid
Bok og Papir***

LEIKER TELEFON (036) 53 515

Gunnør Mandt Øvstøge

3853 Vrådal

PLEDD – SJAL – SJERF – LINLØPARAR



**Vi produserer
VINDUER og DØRER
etter DITT ønske**

- | | |
|-------------------------------------|-----------------------------------|
| ■ Det originale KOPLEDE vindu | ■ Salufa aluminium + P.v.c. |
| ■ Vinduer m/isoleringsglass (termo) | ■ Ytterdører i heltre FURU |
| ■ Faste karmar | ■ Ytterdører m/aluminium i kjerne |
| ■ H-vinduet | ■ Trefyllingsdører |
| ■ VELUX overlysvindu | ■ Scadania dører (ytter/innerdør) |

**Alle disse produktene
kan du kjøpe hos:**

NYLAND TREVAREFABRIKK A/S

3850 Kviteseid – Tlf. 036-53 119



3850 Kviteseid

Telefon (036) 53 431



HANDARBEID

BUNADSYLV

Kviteseid Handelslag

Telefon (036) 53 138

Me fører alt i daglegvare

og finare kolonial

Mange gode tilbud

Kjøttvarer frå eiga slakteavdeling

Aage Haatveit

Tlf (036) 53 278

3850 Kviteseid

*Alltid godt utval
i daglegvarer!*



MORGEDAL
TURISTHOTELL
TELEMARK

3848 Morgedal
Tlf. (036) 54 144
Telefax (036) 54 288